

Valideringsrapport

Bestemming av Ca, Cu, Fe, K, Mg, Mn, Na, Y og Zn i fôr, fôringrediensar, fisk og feces ved bruk av ICP-OES og mikrobølgeomnsopslutting



Illustrasjon: Nofima

Nofima er et ledende matforskningsinstitutt som driver med forskning og utvikling for akvakulturnæringen, fiskerinæringen og matindustrien. Vi leverer internasjonal anerkjent forskning og løsninger som gir næringslivet konkurransefortrinn langs hele verdikjeden.

«Bærekraftig mat til alle» er vår visjon.

Kontaktinformasjon

Telefon: 77 62 90 00

post@nofima.no

www.nofima.no

NO 989 278 835 MVA



Hovedkontor Tromsø

Muninbakken 9–13

Postboks 6122

NO-9291 Tromsø



Stavanger

Måltidets hus

Richard Johnsen gate 4

Postboks 8034

NO-4068 Stavanger



Sunnalsøra

Sjølsengvegen 22

NO-6600 Sunndalsøra



Ås

Osloveien 1

Postboks 210

NO-1433 ÅS



Bergen

Kjerreidviken 16

Postboks 1425 Oasen

NO-5844 Bergen

Rapport

<i>Rapportnummer:</i> 32/2022	<i>ISBN:</i> 978-82-8296-734-1	<i>ISSN:</i> 1890-579X
<i>Dato:</i> 15. desember 2022	<i>Antall sider + sider vedlegg:</i> 93 + 121	<i>Prosjektnummer:</i> 12935/11277
<i>Tittel:</i> Valideringsrapport: Bestemming av Ca, Cu, Fe, K, Mg, Mn, Na, Y og Zn i fôr, fôringrediensar, fisk og feces ved bruk av ICP-OES og mikrobølgeomnsoppslutting		
<i>Title:</i> Validation report: Determination of Ca, Cu, Fe, K, Mg, Mn, Na, Y and Zn in feed, feed ingredients, fish and feces using ICP-OES and microwave digestion		
<i>Forfatter(e):</i> Ingri Ullestad Moen og Gunnhild Gjengedal		
<i>Avdeling:</i> Biolab		
<i>Oppdragsgiver:</i> Intern		
<i>Eksternt prosjektnummer/Oppdragsgivers ref.:</i> -		
<i>Stikkord:</i> Elementanalyse, ICP-OES, oppslutting, UltraWave, validering		
<i>Sammendrag/anbefalinger:</i> Formålet med dette prosjektet var å validere metoden «NS-EN 15621-2017» for bestemming av innhold av kalsium, kopar, jern, kalium, magnesium, mangan, natrium, yttrium og sink i fôr, fôringrediensar, fisk og feces. Prøvane vert tilsett salpetersyre og vatn, og oppslutta under høgt trykk og temperatur i mikrobølgeomn (UltraWave). Oppslutta prøve vert fortynna vidare med vatn, og elementkonsentrasjonane vert målt ved bruk av induktivt kopla plasma optisk emisjonsspektroskopi (ICP-OES). Det vart utført validering av selektivitet, riktigheit, presisjon, linearitet, måleområde, robustheit og måleusikkerheit. I tillegg vart det gjort gjenfinningsforsøk med yttrium, då denne ikkje er inkludert i den eksterne valideringa. Etter gjennomgang av resultatane, vert metoden ansett å vere godkjent.		
<i>English summary/recommendation:</i> The purpose of this project was to validate the method «NS-EN 15621-2017» for determination of calcium, copper, iron, potassium, magnesium, manganese, sodium, yttrium and zinc content in feed, feed ingredients, food, and feces. Nitric acid and water are added to the samples before digestion under high pressure and temperature in a microwave oven (UltraWave). Digested samples are diluted further and analyzed with inductively coupled plasma optical emission spectroscopy (ICP-OES). A validation of selectivity, accuracy, precision, linearity, measuring range, robustness and measurement uncertainty was performed. In addition, recovery tests were performed for yttrium, because this element was not part of the external validation. Based on a review of the results, the method is approved.		

Innhald

1	Innleiing	3
2	Teori	4
2.1	Prinsipp	4
2.2	Grad av validering og tidlegare ekstern validering	4
2.3	Avvik frå metodereferansen	5
2.4	Valideringsparameter	5
3	Eksperimentelt	16
3.1	Selektivitet	16
3.2	Linearitet	17
3.3	Presisjon	19
3.4	Riktighet/nøyaktigheit	20
3.5	Konsentrasjons-/måleområde	21
3.6	Robustheit	21
4	Resultat	22
4.1	Selektivitet	22
4.2	Linearitet	36
4.3	Presisjon	62
4.4	Riktighet/nøyaktigheit	69
4.5	Konsentrasjons-/måleområde	73
4.6	Robustheit	73
4.7	Måleusikkerheit	76
5	Diskusjon	78
5.1	Selektivitet	78
5.2	Linearitet	81
5.3	Presisjon	82
5.4	Riktighet/nøyaktigheit	85
5.5	Konsentrasjons-/måleområde	86
5.6	Robustheit	87
5.7	Måleusikkerheit	88
6	Konklusjon	91
7	Litteratur	93
	Vedlegg 1 – Linearitet	II
	Vedlegg 2 - Presisjon: Repeterbarheit	VI
	Vedlegg 3 – Presisjon: «Intermediate precision»	XXXVII

Vedlegg 4 – Presisjon: Reproduserbarheit og HorRat for yttrium	LXXIX
Vedlegg 5 - Robustheit	LXXXI
Vedlegg 6 – Måleusikkerheit	C

1 Innleiing

Ein ny metode vart validert hjå Nofima Biolab: A120 Elementanalyse ved bruk av ICP-OES og mikrobølgeovnsopplutting. Metodereferansen er NS-EN 15621:2017 («Dyrefôr: Metoder for prøvetaking og analyse - Bestemmelse av kalsium, natrium, fosfor, magnesium, kalium, svovel, jern, sink, koppar, mangan og kobolt etter trykkopplutting ved ICP-AES»). Det vart valt å fokusera på elementa kalsium, kopar, jern, kalium, magnesium, mangan, natrium og sink sidan desse elementa er mest relevante for Biolab og Biolab sine kundar. I tillegg vart det gjort validering for yttrium, som er eit viktig element for våre kundar, då det vert brukt som inert indikator i fôringsforsøk av fisk. Laboratoriet har kjøpt ein ICP-OES frå Agilent av typen 5110 VDV. Til dekomponering av prøvar før analyse har det vorte kjøpt ein UltraWave frå Milestone.

Metoden (NS-EN 15621:2017) er eksternt validert i ei kollaborativ metodeavprøving for alle relevante element, med unntak av yttrium. Ifølge retningslinjer frå NMKL (Nordisk Metodikkomité for Næringsmidler) vil det då vere tilstrekkeleg med ei verifisering av riktigheit, presisjon og kvantifiseringsgrenser for desse elementa i denne metoden, mens det er nødvendig med full validering av yttrium. I og med at dette er ein heilt ny analysemetode for Biolab og kunnskapen om metoden er begrensa, vert det beslutta å utføre ei full metodevalidering der parametra selektivitet, linearitet, presisjon, riktigheit/nøyaktigheit, konsentrasjons-/måleområde, robustheit og måleusikkerheit vert gjennomgått for alle elementa av interesse.

2 Teori

2.1 Prinsipp

Konsentrasjonane av elementa i prøven vert bestemt ved bruk av induktivt koplta plasma optisk emisjonsspektroskopi (ICP-OES), med ekstern kalibreringskurve. Alternativt kan ein bruke standard addisjonsteknikk. Før analyse med ICP-OES vert prøven dekomponert ved mikrobølgeomnoppplutting under høg temperatur og trykk.

2.2 Grad av validering og tidlegare ekstern validering

Referansemetoden har gjennomgått full statistisk test og evaluering for kalsium, natrium, fosfor, magnesium, kalium, svovel, jern, sink, kopar, mangan og kobolt for 11 ulike prøvetypar: Grisefôr, sauefôr, tre mineralfôr, ein mineralpremijs, tre fôringrediensar (MgO, fosfat, CaCO₃) og to fôrtilsetningar (CuSO₄, bentonitt). Det vart utført samanliknande laboratorieprøving (SLP) i 2007 der 20 laboratorium deltok. Organiseringa vart gjort av Technische Universität München, Research Center for Nutrition and Food Sciences, Bioanalytic Weihenstephan (Standard-Norge, 2017).

Ifølge denne eksterne valideringa, er metoden best eigna som screeningmetode for elementa kalium og svovel, då desse har HorRat-verdier («Horwitz ratio») over 2. HorRat er nærare forklart i avsnitt 2.4.3.

Andre element er ikkje fullstendig statistisk testa fordi dei ikkje var til stades i tilstrekkelege konsentrasjonar i dei fleste av dei testa prøvane. Dette gjeld molybden, bly, kadmium og arsen. I Biolab sin metode skal ICP-OES-analyse av elementa vist i Tabell 1 validerast.

Tabell 1 Element omfatta av Biolab si validering.

Kjemisk symbol	Element
Ca	Kalsium
Cu	Kopar
Fe	Jern
K	Kalium
Mg	Magnesium
Mn	Mangan
Na	Natrium
Y	Yttrium
Zn	Sink

Sidan metoden er eksternt validert i ei kollaborativ metodeavprøving for kalsium, kopar, jern, kalium, magnesium, mangan og sink, kunne denne valideringa ha begrensa seg til verifisering av riktighet, presisjon og kvantifiseringsgrenser, i følge retningslinjer for intern validering gitt i NMKL-prosedyre nr. 4 (2009). Det vert likevel valt å utføre ei full intern metodevalidering, då dette er ein heilt ny analysemetode for Biolab, og kunnskapen om metoden er begrensa. Biolab ønsker også å nytte metoden til andre prøvematriser enn det som er omfatta av den eksterne valideringa, slik som fiskefeces. Den eksterne valideringa omfattar ikkje yttrium, og full intern validering er dermed nødvendig for dette elementet. Parametra selektivitet, linearitet, presisjon, riktighet/nøyaktigheit, konsentrasjons-/måleområde, robustheit og måleusikkerheit vert dermed gjennomgått for alle valideringselementa.

2.3 Avvik frå metodereferansen

Referansemetoden skildrar trykkoppslutting i mikrobølgeomn med «bomber», mens Biolab nyttar «single chamber» mikrobølgeomnoppsslutting. Oppsluttingsprogrammet i metodereferansen er dermed noko anleis enn det som vert brukt av Biolab. Salpetersyre vert brukt i begge metodane, men Biolab tilset ikkje hydrogenperoksid som skildra i referansen. Fiskefôr med høgt feittinnhald vert ansett å vere den vanskelegaste matrisa å oppslutte (av prøvar som er aktuelle for Biolab). Ein slik prøve vart sendt til leverandøren av mikrobølgeomnen (Milestone) som testa oppsluttingsvilkår og prøvemengder.

I metodereferansen står det at våte prøvar skal fortørkast eller frysetørkast før oppslutting. Basert på testar på ensilasjepøvar, som gav gode resultat, blir dette ikkje sett som eit absolutt krav for Biolab. Dersom prøven er tilstrekkeleg homogen, og elementkonsentrasjonen er høg nok, kan våte prøvar oppsluttast utan fortørking/frysetørking.

2.4 Valideringsparameter

2.4.1 Selektivitet

Selektivitet uttrykker i kva grad ein metode kan bestemme dei ønska analyttane under gitte betingelsar, i nærvære av andre komponenter med liknande eigenskapar. Selektivitet gir ein indikasjon på kor sterkt resultatet er påverka av andre sambindingar i prøven (Vessmann, 2001).

Ved bruk av ICP-OES kan fleire ulike typar interferens påverke prøveresultatet. Desse er beskive i kapitla under (Standard-Norge, 2017).

Spektrallinjeinterferens

Spektrallinjeinterferens førekjem dersom linjer (bølgelengder) overlappar eller er dårleg oppløyst frå kvarandre. Dette hender ofte ved atomemisjon, der lys ikkje utelukkande emitterer frå elementet av interesse, men også frå alle andre element som er til stades i prøven. Ofte kan slike interferensar eliminerast ved rett val av emisjonslinje (bølgelengd). Utvalte emisjonsbølgelengder med tilhøyrande mogelege interferensar er vist i Tabell 2 (Standard-Norge, 2017).

Tabell 2 Utvalgte emisjonsbølglengder og moglege interferensar for analyser med ICP-OES (NS-EN 15621:2017) (Standard-Norge, 2017).

Element	Emisjonsbølglengder (nm)	Interfererande element
Ca	315,887	Co
	317,933	Fe, V
	393,366	
Cu	324,754	Ti, Fe
	327,396	
Fe	238,200	Co
	259,940	
K	766,490	Mg, Ar
	469,900	
Mg	279,079	
	279,553	
	285,213	Fe
Mn	257,610	Fe, Mo, Cr
	293,306	Al, Fe
Na	330,237	
	588,995	
	589,592	Ar
Zn	206,200	
	213,856	P

Ioniseringsinterferens

Ioniseringsinterferens skuldast innhald av lett ionsierbare element i prøvematrixa. Dette fører til ei endring i ioniseringslikevekta til analytten, på grunn av auke i elektrontettleiken. Slik interferens kan fjernast ved tilsats av større mengder av eit lett ioniserbart element i prøven og kalibreringsløysingane (Standard-Norge, 2017).

Fysiske interferensar

Fysiske interferensar skuldast skilnadar i fysiske eigenskapar i løysingane (prøvar og kalibreringsstandardar), slik som til dømes viskositet, overflatespenning og damptrykk. Desse skilnadane fører til endringar i aspirasjon, nebulisering eller atomiseringseffektivitet. Fysiske interferensar kan til ei viss grad fjernast ved å «matrisematche» kalibreringsløysingane med prøven ved fortynning eller tilsats av relativt høge syrekonsentrasjonar. Eit anna alternativ er å bruke standardaddisjonsteknikk (Standard-Norge, 2017).

Standardaddisjon

Standardaddisjon er spesielt godt eigna for prøvar med høg, men ukjent total ionestyrke, eller for prøvar med varierende samansetting. Ved bruk av standardaddisjon treng ein ikkje å lage ei kalibreringskurve. Standardaddisjon kan også nyttast for å kompensere for kjemiske (og andre) matriseinterferensar og -effekter, og metoden er spesielt påverka av ikkje-linearitet (Standard-Norge, 2017). Metoden vert også kalla kalibreringsutbytte, og vert nytta når analysesignalet vert påverka av matrixa (NMKL, 2012).

2.4.2 Linearitet

Spektroskopiske teknikkar kan ikkje måle konsentrasjon direkte, emisjonssignalet må konverterast til konsentrasjon. Difor er kalibrering uunngåeleg. Kalibrering kan gjerast ved å konstruere ei kalibreringskurve eller ved standardaddisjonsteknikk. Sidan dei fleste dyrefôr og liknande prøvar har ganske komplekse matriser, må det gjerne utførast ei form for «matrisematching» før analyse for å unngå matrikseffektar (Standard-Norge, 2017).

Lineariteten til metoden vert undersøkt med regresjonsanalyse og minste kvadrats metode. Ved å sjå på kvadratet av avvika mellom det observerte punktet og den estimerte kurva, vil ein finne den regresjonskurva som passar datasettet best. Denne kurva har dei minste mogelege areala av kvadrata. Ein antek då at avvik frå linearitet skuldast avvik i målingane, og at konsentrasjonane er nøyaktige (all usikkerheit ligg i y-verdien). Regresjonslinja har formelen $y = mx + b$ der m er stigningstalet og b er skjeringspunktet med y-aksen. For å bestemme kor godt linja passar til datasettet, vert F-verdi berekna frå F-fordelinga. F-verdien er forholdet mellom kvadratsummen av regresjonen og kvadratsummen av residuala. I ei F-fordeling vert det antatt at punkta i datasettet er tilfeldig fordelte (ikkje-lineære). Når F-verdien er høgare enn F-kritisk (tabellverdi) er punkta, med 95 % sannsyn, ikkje tilfeldig spreidd, og lineær regresjon rettmessig (Colby-College, no date, Løvås, 2005, Microsoft-Corporation, 2016).

Regresjonslinja skal ha ein korrelasjonskoeffisient nær 1. Signifikanstestar bør vise at stigningstallet er signifikant ulikt null, mens skjeringa med y-aksen bør ikkje vere ulik null. Dataanalyseverktøyet i Microsoft Excel vert brukt til å utføre desse signifikanstestane. Ein ser her på t-verdi og p-verdi for dei to parametra; t bør vere høg og p låg ($\ll 0,05$) for stigningstalet, mens for skjeringspunktet bør t vere låg og $p > 0,05$. 95 % konfidensintervallet for skjeringspunktet bør vise at null er ein mogeleg verdi for skjeringa. Ein høg F-verdi styrkar argumentet om at regresjonen er rettmessig. Det vert også laga residualplott, som gir ei grafisk framstilling av residuala, det vil seie skilnaden mellom den observerte responsen og responsen berekna frå regresjonskurva. Residuala bør, når plotta mot x-variabelen, ha ein tilfeldig distribusjon.

Dersom linearitet er oppnådd er to kalibreringsløysingar nok til å lage kalibreringskurva, men tre til fem kalibreringsløysingar er tilrådd. Lineariteten må sjekkast regelmessig. Kalibreringskurva må dekke området der prøveløysinga vert lesen av (denne skal ideelt sett ligge midt i kalibreringskurva) (Standard-Norge, 2017).

2.4.3 Presisjon

Presisjon skildrar samsvaret mellom uavhengige resultat oppnådd på nøyaktig same måte under spesifikke forhold. Presisjon må ikkje forvekslast med nøyaktigheit, som skildrar kor nært den sanne, eller aksepterte verdien målinga er. Presisjonen vert vanlegvis uttrykt som standardavviket til residuala. Presisjonen til metoden kan bli bestemt som:

- a) **Repetierbarheit:** analysemetoden vert nytta på identiske prøvar på same laboratorium med same utstyr i løpet av eit kort tidsrom. Same analytikar utfører analysene (NMKL, 2009, Douglas A. Skoog, 2004).
- b) **Reproduserbarheit:** metoden vert nytta på identiske prøvar på ulike laboratorium med ulikt utstyr. Ulike analytikarar utfører analysene (NMKL, 2009, Douglas A. Skoog, 2004).
- c) «Intermediate precision», også kalla intern reproduserbarheit, vert ofte brukt om presisjonsbestemmingar som er ein mellomting av repeterbarheit og reproduserbarheit. Det kan til dømes vere ulike analytikarar som analyserer same prøve i same laboratorium med likt eller ulikt utstyr. Dette indikerer kvafor variasjon ein kan forvente i eit analytisk resultat dersom same prøve

vert analysert av same laboratorium på ulike tidspunkt (gitt at prøven er stabil) (Hovind et al., 2011).

Repeterbarheit

Repeterbarheita vert ofte uttrykt som repeterbarhetsgrensa r , som er eit uttrykk for den absolutte skilnaden, med 95 % konfidensintervall, mellom to uavhengige testresultat oppnådd ved forutsettingane nemnt i punkt a i avsnittet over (ISO, 1994b). Slike testresultat vert kalla dobbelbestemmingar (NMKL, 2009), og r vert berekna som vist i formel 2.1

$$r = t \times \sqrt{2} \times S_r \quad (2.1)$$

der t er den tosidige t -verdien ved 95 % konfidensintervall og S_r er standardavviket til repeterbarheita (ISO, 1994a). S_r vert berekna ved hjelp av formel 2.2

$$S_r = \sqrt{\frac{\sum_{i=1}^n (x_i - y_i)^2}{2n}} \quad (2.2)$$

der x_i og y_i er dei to målingane i ei dobbelbestemming og n er antal par av dobbelbestemmingar (NMKL, 2009).

Som regel vert det antatt at antal friheitsgrader går mot uendeleg og at $t=1,96$. Ved desse vilkåra vert r berekna som vist i formel 2.3.

$$r = 2,8 \times S_r \quad (2.3)$$

Reproduserbarheit / «intermediate precision»

Reproduserbarheit og «intermediate precision» vert berekna med same likningar som repeterbarheit. Standardavviket til reproduserbarheita og reproduserbarhetsgrensa vert gitt som S_R og R . I denne rapporten er S_{Ri} og R_i er brukt for tilsvarande verdiar for «intermediate precision».

Akseptansnivået for reproduserbarheita kan evaluerast ved å berekne HorRat-verdi («Horwitz ratio»). Parameteren kan også nyttast for «intermediate precision», men då med lågare pålitelegheit. HorRat_R og HorRat_r vert brukt for å skille mellom dei to. HorRat-verdien angir om presisjonen er betre eller dårlegare enn venta, og vert berekna som vist i formel 2.4 (Horwitz and Albert, 2006).

$$HorRat_R = \frac{RSD_R (\%)}{PRSD_R (\%)} \quad (2.4)$$

RSD_R (%) er standardavviket frå berekningar av reproduserbarheit og $PRSD_R$ (%) er estimert RSD frå Horwitz-likninga, som er vist i formel 2.5 (Horwitz and Albert, 2006).

$$PRSD_R (\%) = 2C^{-0.15} \quad (2.5)$$

Konsentrasjonen (C) vert her uttrykt som ein dimensjonslaus massefraksjon. Til dømes er mg/kg uttrykt som massefraksjon lik 0,000001.

HorRat_r vert berekna på same måte, men med standardavviket frå berekningar av «intermediate precision» (RSD_r (%)) i staden. Estimatet av $PRSD_r$ (%) vert også her berekna som vist i formel 2.5.

HorRat er lik 1 for eksakt samsvar, bedre enn venta dersom den er mindre enn 1 og dårlegare enn venta dersom den er større enn 1. Aksepterte verdiar ligg mellom 0,5 og 2,0. For «intermediate precision» er HorRat-verdien vanlegvis mindre enn 1, fordi det relative standardavviket til repeterbarheita vanlegvis utgjer to tredelar av det relative standardavviket til reproduserbarheita (Horwitz and Albert, 2006).

Metodereferansen oppgir kvafor repeterbarheits- og reproduserbarheitsgrenser som vart oppnådd i den eksterne metodevalideringa. I denne valideringa vert det gjort presisjonsberekningar for å avgjere om ein oppnår repeterbarheitsgrenser tilsvarande desse. Repeterbarheits- og reproduserbarheitsgrensene frå metodereferansen er gitt i Tabell 3-Tabell 6.

Tabell 3 Repeterbarheitsgrenser for Ca, K, Mg og Na, som oppgitt i NS-EN 15621:2017 (Standard-Norge, 2017).

Element	Ca			K			Mg			Na		
	Prøve	Snitt (mg/kg)	r (mg/kg)	RSD _r	Snitt (mg/kg)	r (mg/kg)	RSD _r	Snitt (mg/kg)	r (mg/kg)	RSD _r	Snitt (mg/kg)	r (mg/kg)
Grisefôr	12100	1700	4,8 %	7300	600	2,8 %	1800	100	2,0 %	2400	200	2,5 %
Sauefôr	11200	1000	3,2 %	12600	800	2,3 %	3500	200	2,1 %	3000	200	3,0 %
MIN 1	241000	8000	1,2 %	600	100	6,4 %	37500	1300	1,2 %	69000	2900	1,5 %
MIN 2	181000	8000	1,6 %	3700	200	2,4 %	28500	1400	2,4 %	88800	2600	1,0 %
MIN MIX	141000	6000	1,5 %	500	100	7,9 %	122000	6000	1,9 %	119000	7000	2,2 %
Com. Premix	45900	5300	4,2 %	2000	200	2,8 %	1300	100	2,3 %	9600	500	1,8 %
CuSO ₄	<LOQ	-	-	<LOQ	-	-	<LOQ	-	-	<LOQ	-	-
Fosfat	217000	7000	1,2 %	900	100	3,3 %	7000	300	1,4 %	1200	100	2,4 %
MgO	13600	1100	2,8 %	1500	200	4,3 %	489000	22000	1,6 %	<LOQ	-	-
CaCO ₃	354000	13000	1,3 %	3300	400	4,6 %	3000	200	2,9 %	<LOQ	-	-
Bentonitt	7500	300	1,5 %	700	100	3,4 %	7000	600	3,1 %	12000	600	1,7 %

Tabell 4 Repeterbarheitsgrenser for Cu, Fe, Mn og Zn, som oppgitt i NS-EN 15621:2017 (Standard-Norge, 2017).

Element	Cu			Fe			Mn			Zn		
	Prøve	Snitt (mg/kg)	r (mg/kg)	RSD _r	Snitt (mg/kg)	r (mg/kg)	RSD _r	Snitt (mg/kg)	r (mg/kg)	RSD _r	Snitt (mg/kg)	r (mg/kg)
Grisefôr	22,6	10,1	16,1 %	386	67	6,3 %	89,6	13,1	5,3 %	127	12	3,5 %
Sauefôr	11,6	1,9	5,9 %	277	47	6,2 %	95,8	8,4	3,2 %	155	14	3,2 %
MIN 1	947	59	2,3 %	2512	202	2,9 %	2444	163	2,4 %	6844	525	2,8 %
MIN 2	574	30	1,9 %	3205	287	3,2 %	2542	150	2,1 %	5440	348	2,3 %
MIN MIX	850	77	3,3 %	3240	431	4,8 %	2143	177	2,0 %	3789	247	2,3 %
Com. Premix	2024	123	2,2 %	15940	1938	4,4 %	15590	1940	4,5 %	10310	611	2,1 %
CuSO ₄	264900	13920	1,9 %	24,2	6,1	9,0 %	<LOQ	-	-	<LOQ	-	-
Fosfat	11,6	1,5	4,8 %	2074	6,3	1,1 %	118	2	1,5 %	220	12	2,0 %
MgO	28,4	6,6	8,4 %	21280	1,018	1,7 %	718	38	1,9 %	<LOQ	-	-
CaCO ₃	6,26	1,35	7,8 %	6939	423	2,2 %	1509	56	1,3 %	11,5	2,7	8,5 %
Bentonitt	6,17	2,10	12,1 %	11390	1093	3,5 %	88,0	8,7	3,6 %	83,5	19,5	8,4 %

Tabell 5 Reproduserbarheitsgrenser for Ca, K, Mg og Na, som gitt i NS-EN 15621:2017 (Standard-Norge, 2017).

Element	Ca			K			Mg			Na		
	Prøve	Snitt (mg/kg)	R (mg/kg)	RSD _R	Snitt (mg/kg)	R (mg/kg)	RSD _R	Snitt (mg/kg)	R (mg/kg)	RSD _R	Snitt (mg/kg)	R (mg/kg)
Grisefôr	12100	3100	9,2 %	7300	1700	8,1 %	1800	200	3,9 %	2400	500	6,8 %
Sauefôr	11200	1700	5,6 %	12600	2100	5,9 %	3500	500	5,5 %	3000,00	500	6,6 %
MIN 1	241000	29000	4,4 %	600	500	32,5 %	37500	8500	8,2 %	69000	12500	6,6 %
MIN 2	181000	22000	4,4 %	3700	1700	16,3 %	28500	4000	5,0 %	88800	16800	6,8 %
MIN MIX	141000	18000	4,7 %	500	400	29,0 %	122000	21000	6,2 %	119000	16000	4,8 %
Com. Premix	45900	16000	12,9 %	2000	600	11,8 %	1300	500	13,6 %	9600	1500	5,6 %
CuSO4	<LOQ	-	-	<LOQ	-	-	<LOQ	-	-	<LOQ	-	-
Fosfat	217000	19000	3,2 %	900	500	21,0 %	7000	1100	5,4 %	1200	300	10,1 %
MgO	13600	3100	8,3 %	1500	1100	25,8 %	489000	62000	4,6 %	<LOQ	-	-
CaCO3	354000	35000	3,6 %	3300	2900	31,4 %	3000	900	11,2 %	<LOQ	-	-
Bentonitt	7500	1000	5,0 %	700	500	25,8 %	7000	9100	46,7 %	12000	1900	5,8 %

Tabell 6 Reproduserbarheitsgrenser for Cu, Fe, Mn og Zn, som gitt i NS-EN 15621:2017 (Standard-Norge, 2017).

Element	Cu			Fe			Mn			Zn		
	Prøve	Snitt (mg/kg)	R (mg/kg)	RSD _R	Snitt (mg/kg)	R (mg/kg)	RSD _R	Snitt (mg/kg)	R (mg/kg)	RSD _R	Snitt (mg/kg)	R (mg/kg)
Grisefôr	22,6	11,6	18,5 %	386	115	10,8 %	89,6	36,9	14,9 %	127	47	13,2 %
Sauefôr	11,6	5,4	16,9 %	277	96	12,4 %	95,8	21,5	8,1 %	155	46	10,8 %
MIN 1	947	209	8,0 %	2512	669	9,6 %	2444	663	9,8 %	6844	1595	8,4 %
MIN 2	574	156	9,8 %	3205	860	9,7 %	2542	662	9,4 %	5440	1144	7,6 %
MIN MIX	850	335	14,2 %	3240	895	10,0 %	2143	491	8,3 %	3789	940	8,9 %
Com. Premix	2024	397	7,1 %	15940	3942	8,9 %	15590	6526	15,1 %	10310	1559	5,5 %
CuSO4	264900	60750	8,3 %	24,2	12,7	18,9 %	<LOQ	-	-	<LOQ	-	-
Fosfat	11,6	6,1	18,9 %	2074	380	6,6 %	118	39	12,1 %	220	86	14,2 %
MgO	28,4	14,1	17,8 %	21280	4067	6,9 %	718	206	10,3 %	<LOQ	-	-
CaCO3	6,26	7,8	44,8 %	6939	1565	8,1 %	1509	402	9,6 %	11,5	10,8	33,7 %
Bentonitt	6,17	7,80	45,4 %	11390	13790	43,7 %	88,0	12	12,0 %	83,5	33	14,3 %

Yttrium vert samanlikna med øvrige element med tilsvarende konsentrasjonsnivå. I tillegg vert HorRat-verdi berekna for samanlikning med Eurofins.

2.4.4 Riktighet/nøyaktighet

Samsvaret mellom det sanne innholdet av analytt i ein prøve og resultatet av ei analyse, vert kalla riktighet. For å vurdere riktighet/nøyaktighet til ein metode kan ein nytte data frå samanliknande laboratorieprøving (SLP), eller analysere standard/sertifisert referansemateriale. Dersom slike prøvar ikkje er tilgjengelege, kan ein sende prøvar til eit anna laboratorium for samanlikning av resultat (NMKL, 2009).

I denne metodevalideringa vart det analysert to eksterne referansematerial (ERM) frå Bipea (det vil seie ringtestprøvar som er analyserte av fleire laboratorium i tidlige SLP-rundar): 10-0313 Fish meal (journalnummer hjå Biolab: 2020-8247-1) og 06-2813 Feed for fish (journalnummer hjå Biolab: 2020-8248-1). Desse referansemateriala vart valde fordi prøvematrixene er relevante for valideringa og Biolab sin bruk av metoden. Dei rapporterte nivåa av aktuelle element er gitt i Tabell 7.

Tabell 7 Rapporterte nivå av aktuelle element i referansemateriala.

Referansnr. / prøvetype (j.nr. Biolab)	10-0313 / Fish meal (2020-8247-1)			06-2813 / Feed for fish (2020-8248-1)		
	Element	Ref. verdi (mg/kg)	Usikkerheit (u) (mg/kg)	Antal deltakarar	Ref. verdi (mg/kg)	Usikkerheit (u) (mg/kg)
Ca	4070	30	78	2770	20	80
Cu	3	0	52	9	0	60
Fe	265	4	24	626	11	58
K	1190	10	55	770	10	63
Mg	240	0	56	190	0	66
Mn	7	0	54	72	1	63
Na	1240	20	59	660	10	69
Zn	71	1	59	165	2	61

Då ingen av desse referansemateriala inneheld verdiar for yttrium, vart fire prøvar sendt til Eurofins for samanlikning (to fiskefôr og to fiskefeces). Det vart også utført gjenfinningsforsøk der det vart tilsett yttriumoksid til ein basaldiett, og gjenfinninga av yttrium i dietten vart undersøkt.

Bias av referansemateriale

Bias er skilnaden mellom den observerte gjennomsnittsverdien og referanseverdien, og er ein systematisk analytisk feil som kan vere signifikant eller ikkje-signifikant. Bias bør identifiserast, og om mogeleg eliminerast, men bias bør vanlegvis ikkje korrigerast for (NMKL, 2012). For å bestemme bias brukar ein vanlegvis CRM. Bias og relativ bias (b(%)) vert berekna ved bruk av formel 2.6 og 2.7 (Linsinger, 2008, NMKL, 2012, Magnusson and Örnemark, 2014).

$$b = \frac{x_{meas}}{x_{ref}} \quad (2.6)$$

$$b (\%) = \left(\frac{x_{meas} - x_{ref}}{x_{ref}} \right) \times 100 \quad (2.7)$$

Her er x_{meas} det målte gjennomsnittresultatet og x_{ref} er referanseverdien (Linsinger, 2008).

Den relative prosentvise gjenfinninga, også kalla «apparent recovery», kan bereknast som vist i likning 2.8 (Magnusson and Örnemark, 2014):

$$R (\%) = \frac{x_{meas}}{x_{ref}} \times 100 \quad (2.8)$$

For å avgjere om bias er statistisk signifikant, nyttar ein t-test som vist i likning 2.9 (NMKL, 2012).

$$t = \frac{|x_{meas} - x_{ref}|}{SD} \times \sqrt{n} \quad (2.9)$$

SD er standardavviket til dei observerte verdiane og n er antal observasjonar. Dersom observert t er høgare enn $t_{kritisik}$ (tabellverdi, tosidig, 95 % konfidensintervall, frihetsgrader= $n-1$), er bias statistisk signifikant (NMKL, 2012).

Samanlikning med anna laboratorium

For å evaluere resultatata ved samanlikning med anna laboratorium, kan ein nytte same berekningsmetodar som for evaluering av samanliknande laboratorieprøving (ringtest). Fleire ulike verdiar som indikerer kor nær eige resultat er til andre sitt, kan bereknast. Ringtestarrangørar brukar ofte z-score. Dette er ein normalisert verdi som gir kvart resultat ein score samanlikna med dei andre resultatata i datasettet. Z-score vert berekna som vist i formel 2.10.

$$z = \frac{(X - X_{SLP})}{u_{SLP}} \quad (2.10)$$

X er deltakaren sitt resultat og X_{SLP} er arrangøren sine beste estimat på resultatet i prøven. u_{SLP} er eit estimat på spreinga til alle resultatata (standardavviket til alle deltakarane sine resultat) (ISO, 2005; Thompson et al., 2006)

Ein annan internasjonalt akseptert verdi for evaluering av ringtestresultat, er E_n -verdi (error normalized value). Denne vert berekna som vist i formel 2.11.

$$E_n\text{-verdi} = \frac{X - X_{SLP}}{\sqrt{(U_X)^2 + (U_{SLP})^2}} \quad (2.11)$$

U_X og U_{SLP} er den utvida måleusikkerheita for X og X_{SLP} (ISO, 2005).

Biolab brukar E_n -verdi for evaluering av ringtestar, men standardavviket som er rapportert av arrangøren vert delt på rota av antal deltakarar (n) for å oppnå standard usikkerheit for X_{SLP} . Dette vert gjort for å unngå at spreinga til heile populasjonen vil gjere det for lett å oppnå akseptabel samanlikning med X_{SLP} -verdien (formel 2.12).

$$E_n\text{-verdi} = \frac{X - X_{SLP}}{\sqrt{(U_X)^2 + \left(\frac{U_{SLP}}{\sqrt{n}}\right)^2}} \quad (2.12)$$

Grensene for kva som vert godtatt er ± 3 for z-score og ± 2 for E_n -verdi. For z-score vert verdiar høgare/lågare enn ± 2 sett på som betenkelege, mens tilsvarende grenser for E_n -verdi er ± 1 . Dette skuldast at ein nyttar utvida usikkerheit med $k = 2$. Verdiane for E_n er dermed ekvivalente til verdiane for z. Den ideelle verdien er i begge tilfelle 0 (Thomson et al., 2006).

Desse berekningane kan også brukast for dei eksterne referansemateriala (frå Bipea), då det her er oppgitt antal deltakarar i den opprinnelege SLP-runden.

Spiking

Dersom verken sertifiserte referansematerial, metodereferanse eller ringtestprøvar er tilgjengelege, kan gjenfinning nyttast til å sikre riktigheit av analysa. Gjenfinning (recovery, R) blir brukt i samband med oppkonsentrering eller ekstraksjonstrinn i ein analytisk prosess. Ved å «spike» prøva, altså tilsette kjent mengde av analytten, kan gjenfinninga bestemmast ved å analysere prøva og dele resultatet på mengde analytt tilsett. Det blir valt spikingnivå som er nær analyttkonsentrasjon i reelle prøvar. For ein spika blankprøve/blankmatrise vert gjenfinninga ($R\%$) kalkulert ved formel 2.13.

$$R \% = \frac{Q_{A(extr)}}{Q_{A(add)}} \times 100 \quad (2.13)$$

der $Q_{A(extr)}$ er nivået av den gjenfunne analytten A, og $Q_{A(add)}$ er mengda av analytten A som vart tilsett (NMKL, 2012).

Dersom ein blankprøve/blankmatrise ikkje er tilgjengeleg, kan ein spike ein prøve som allereie inneheld ei målt mengde av analytten. For berekning av gjenfinning nyttar ein då formel 2.14,

$$R \% = \frac{Q_{Aextr(orig+add)} - Q_{A(orig)}}{Q_{A(add)}} \times 100 \quad (2.14)$$

der $Q_{Aextr(orig+add)}$ er den analyserte mengda av analytten A i den spika prøva, og $Q_{A(orig)}$ er den analyserte mengda av analytten A i den opprinnelege prøva (NMKL, 2012).

Det forventa utbyttet avheng av konsentrasjon. For konsentrasjonar på 100 mg/kg er forventa utbytte på 90-107 % (NMKL, 2012).

Standard usikkerheit for utbyttet/gjenfinninga (i %) vert berekna, i absolutt term, som standardfeilen til middelværdien (SEM) vist i formel 2.15, og i relativ term som standard usikkerheit for utbyttet (u_{rec}), som vist i formel 2.16,

$$SEM = \frac{SD}{\sqrt{n}} \quad (2.15)$$

$$u_{rec} = \frac{\% RSD}{\sqrt{n}} \quad (2.16)$$

der SD og $\% RSD$ er standardavviket og det relative standardavviket for utbyttet, og n er antal replikat (NMKL, 2012).

For prøvar der CRM ikkje er tilgjengeleg kan bias bereknast for spika prøvar som vist i formel 2.6 og 2.7 (NMKL, 2012).

2.4.5 Konsentrasjons-/måleområde

Måleområdet til metoden er definert som området der metoden er validert. I dette området gir metoden akseptabel riktigheit og presisjon (NMKL, 2009). Deteksjonsgrensa (LOD) er den lågaste analyttkonsentrasjonen som kan detekterast med ei viss grad av sikkerheit, og vert ofte berekna ved bruk av formel 2.17,

$$LOD = 3 \times SD_{blind} \quad (2.17)$$

der SD_{blind} er standardavviket for middelværdien av blindprøvane (Armbruster et al., 1994, NMKL, 2009).

Kvantifiseringsgrensa (LOQ) er den lågeste analyttkonsentrasjonen som kan kvantifiserast med ei viss grad av sikkerheit, og vert ofte berekna som vist i formel 2.18 (Armbruster et al., 1994, NMKL, 2009).

$$LOQ = 10 \times SD_{blind} \quad (2.18)$$

På grunn av spormengder av enkelte element frå reagensar og oppsluttingsrøyr, vil blindprøvesignala vere større enn tre og ti gonger standardavviket til blindprøvane. Difor vert deteksjonsgrenser og kvantifiseringsgrenser i denne valideringa berekna ved bruk av formel 2.19 og 2.20, der \bar{x} er snittverdien av blindprøvane.

$$LOD = \bar{x} + 3 \times SD_{blind} \quad (2.19)$$

$$LOQ = \bar{x} + 10 \times SD_{blind} \quad (2.20)$$

2.4.6 Robustheit

Robustheit av ein analysemetode vert definert som følsomheita for mindre avvik i dei eksperimentelle betingelsane til metoden. Ein metode som ikkje vert påverka av slike mindre avvik, vert kalla robust med tanke på desse eksperimentelle betingelsane. Slike avvik kan vere varierende prøvemengd, ulike kjemikaliebatchar, temperatur, trykk eller pH (NMKL, 2009).

2.4.7 Måleusikkerheit

Den totale måleusikkerheita til metoden vert berekna som utvida usikkerheit (U_C) med dekningsfaktor (k) lik 2, som tilsvarar 95 % konfidensintervall. Måleusikkerheita inneheld interne og eksterne usikkerheitselement, og vert berekna ved bruk av formel 2.21.

$$U_C = k \times \sqrt{u_{LAB}^2 + u_{LAB-\bar{x}}^2} \quad (2.21)$$

u_{LAB} er Nofima BioLab sitt interne standardavvik for repeterbarheit (tilsvarar S_r i formel 2.2). Denne verdien vert bestemt ut frå differansar mellom dobbelbestemmingar av vanlege prøvematerial med resultat i normalområdet.

$u_{LAB-\bar{x}}$ er Nofima BioLab si usikkerheit for avvika frå gjennomsnittsverdiane i samanlikninga med det andre laboratoriet (sidan ein ikkje har delteke i samanliknande laboratorieprøving), og vert berekna ved bruk av formel 2.22,

$$u_{LAB-\bar{x}} = \sqrt{\frac{\sum(LAB-\bar{X})^2}{2d}} \quad (2.22)$$

der d tilsvarar antal dobbelbestemmingar.

Kombinert måleusikkerheit

For spikingforsøk kan kombinert måleusikkerheit bereknast ved bruk av formel 2.23, der u_{rec} tilsvarar formel 2.16.

$$U_{komb} = k \times \sqrt{u_{LAB}^2 + u_{LAB-\bar{x}}^2 + u_{rec}^2} \quad (2.23)$$

3 Eksperimentelt

3.1 Selektivitet

3.1.1 IntelliQuant

IntelliQuant er ein funksjon i ICP Expert (programvara til instrumentet) som kan screene prøvar for opptil 70 ulike element. Kjent elementinnhald gjer det lettare å velge passende bølgelengder, og unngå spektrallinjeinterferens. IntelliQuant vart brukt på fleire typiske prøvetypar for å kartlegge kvafor element aktuelle prøvar inneheld, og i kvafor nivå. Det vart brukt IntelliQuant Standards kit, i tillegg til dei vanlege ICP-standardane.

3.1.2 Gjenfinningsforsøk med yttrium

Basaldiett vart skaffa frå Nofima sitt Fôrteknologisenter i Bergen. Prøven tilsvarar ein typisk kommersiell basaldiettblanding til fôrproduksjon, med samansetting som vist i Tabell 8.

Tabell 8 Samansetting av basaldietten frå Nofima sitt fôrteknologisenter som blei brukt i spikingforsøka med yttrium.

Ingrediens	Innhald (%)
Fiskemjøl	14,0
Soyaproteinkonsentrat	22,2
Maisgluten	7,0
Kveitegluten	21,0
Erteproteinkonsentrat	4,2
Guar	4,2
Rapsolje	4,2
Kveite	5,6
Hestebønner	11,2
Mikroingrediensar	6,5

Basaldietten vart oppslutta i åtte parallellar, med omlag 0,5 g innvege prøve i kvar parallell. Det vart tilsett aukande mengde yttriumstandard (1000 ± 4 mg/l) til dei oppslutta prøvane. Dette er vist i Tabell 9.

Tabell 9 Tillaging av prøvar av basaldiett tilsett yttriumstandard (1000 ± 4 mg/l) i ulike konsentrasjonar.

Prøvenr.	Basaldiett (g)	Tilsett Y (1000 ± 4 mg/l) (g)	Fortynning (g)	Kons. tilsett Y (mg/l)
1	0,4542	0,0000	49,9061	0,00
2	0,4982	0,0000	50,3295	0,00
3	0,4997	1,0151	48,5880	20,89
4	0,4437	1,0682	50,7691	21,04
5	0,4800	5,9930	50,4241	118,85
6	0,4696	6,0000	50,3350	119,20
7	0,4830	11,0649	49,8010	222,18
8	0,4924	11,0036	50,7768	216,71

Prøvane vart blanda godt og analyserte for yttrium ved fire ulike bølgelengder. Både radiell og aksiell avlesing vart nytta. Tilsett mengde yttrium vart samanlikna med analysert mengde yttrium i dei ulike prøvene, for å sjå om resultatata vert påverka av matrisa.

3.2 Linearitet

Det vart kjøpt TraceCERT® (Traceable Certified Reference Material) på 1000 mg/l frå Sigma-Aldrich for elementa som skulle undersøkast. Standardane er produserte i laboratorium som oppfyller krava i ISO/IEC 17025 og ISO 17034. Opplysningar om standardar, LOT-nummer og sertifiserte verdiar, er vist i Tabell 10.

Tabell 10 Opplysningar om standardløyisingar (TraceCERT®) frå Sigma-Aldrich brukt i linearitetsforsøka.

Element	Namn	Samansetting	LOT-nr.	Sertifisert verdi (mg/l)
Ca	«Calcium standard for ICP»	CaCO ₃ i 2 % HNO ₃	BCBW9699 BCCG0339	1000±2
Cu	«Copper standard for ICP»	Metallisk kopar i 2 % HNO ₃	BCBW9300	1000±2
Fe	«Iron standard for ICP»	Metallisk jern i 2 % HNO ₃	BCBX5094	1001±2
K	«Potassium standard for ICP»	KNO ₃ i 2 % HNO ₃	BCBX0642 BCCF9838	1000±2
Mg	«Magnesium standard for ICP»	MgO i 2 % HNO ₃	BCCC8893	1004±3
Mn	«Manganese standard for ICP»	Mn(NO ₃) ₂ ·H ₂ O i 2 % HNO ₃	BCBZ6558	1000±8
Na	«Sodium standard for ICP»	NaNO ₃ i 2 % HNO ₃	BCBZ3750 BCCF6882	1000±2
Y	«Yttrium standard for ICP»	Y ₂ O ₃ i 2 % HNO ₃	BCCC1225	1000±4
Zn	«Zinc standard for ICP»	Metallisk sink i 2 % HNO ₃	BCBX4138	1000±2

Det vart preparert standardar med i alt 10 ulike konsentrasjonar av kvart av dei aktuelle elementa. Med utgangspunkt i relevante prøvar sendt til ekstern mineralanalyse i 2020 og 2021, vart typiske elementkonsentrasjonar i vanlege prøvetypar bestemt. Dette vart brukt som utgangspunkt for å bestemme konsentrasjonsnivå for standardane for ei tenkt innvege prøvemengd på 0,5 g og fortynning til 50 ml.

Då det er av interesse å bestemme det lineære området til kalibreringskurvene, vart det nødvendige konsentrasjonsnivået dobla, og dei 10 standardpunkta vart jamnt fordelt mellom 0 og dette punktet. Alle standardar vart laga ved bruk av automatpipette og/eller fullpipette, og tynna med 2 % salpetersyre i målekolbe, til ønska volum. Ei oversikt over standardar og elementkonsentrasjonar er gitt i Tabell 11. Som følge av høge konsentrasjonar og dermed store volum av stockløyisingar, måtte standard 6-10 delast i ein a og b-standard for å oppnå ønska konsentrasjonar. Standardane vart analysert i tilfeldig rekkefølge på ICP-OES, med blankinjeksjon (2 % HNO₃) mellom kvar. Kvar standard vart injisert to gonger.

Tabell 11 Elementkonsentrasjonar for standardar nytta i linearitetsforsøk.

	Ca	Cu	Fe	K	Mg	Mn	Na	Y	Zn
Standard 1	50	0,2	1,4	50	10	0,2	50	1,4	1,4
Standard 2	100	0,4	2,8	100	20	0,4	100	2,8	2,8
Standard 3	150	0,6	4,2	150	30	0,6	150	4,2	4,2
Standard 4	200	0,8	5,6	200	40	0,8	200	5,6	5,6
Standard 5	250	1	7	250	50	1	250	7	7
Standard 6a	300	1,2	8,4	-	-	1,2	-	8,4	8,4
Standard 6b	-	-	-	300	60	-	300	-	-
Standard 7a	350	1,4	9,8	-	-	1,4	-	9,8	9,8
Standard 7b	-	-	-	350	70	-	350	-	-
Standard 8a	400	1,6	11,2	-	-	1,6	-	11,2	11,2
Standard 8b	-	-	-	400	80	-	400	-	-
Standard 9a	450	1,8	12,6	-	-	1,8	-	12,6	12,6
Standard 9b	-	-	-	450	90	-	450	-	-
Standard 10a	500	-	-	500	-	-	-	-	-
Standard 10b	-	2	14	-	100	2	500	14	14

Tabell 12 viser kvafor bølgelengder og avlesingsretning som vart undersøkt for kvart element. Det er valt bølgelengder som både gir god intensitet, og som har færrest moglege spektrallinjeinterferensar. Programvara til instrumentet (ICP Expert) viser intensitet og moglege interferensar for alle bølgelengder, dette i kombinasjon med erfaring frå innleiande forsøk, vart brukt for å velge ut bølgelengder og avlesingsretning gitt i Tabell 12. Radiell avlesing er brukt for elementa som har høge konsentrasjonar i reelle prøvar, og aksiell avlesing er valt for element med låge konsentrasjonar i reelle prøvar. Spektrum er vist i kapittel 4.1.

Tabell 12 Bølgelengder og aktuell avlesingsretning undersøkt i linearitetsforsøket.

Element	Avlesingsretning	Bølgelengder (nm)
Ca	Radiell	317,933
		370,602
		422,673
Cu	Aksiell	324,754
		327,395
Fe	Aksiell	234,350
		238,204
		259,940
K	Radiell	766,491
		769,897
Mg	Radiell	279,553
		285,213
Mn	Aksiell	257,610
		260,568
Na	Radiell	588,995
		589,592

Y	Radiell	332,788
		360,074
		371,029
Zn	Aksiell	206,200
		213,857

3.3 Presisjon

For berekning av presisjon vart resultatata frå analyse av ERM brukt. I tillegg vart det analysert prøvar av andre aktuelle prøvematriser (reelle prøver); feitt fiskefôr, basaldiett tilsett yttriumoksid, frysetørka fiskefeces og frysetørka fisk. ERM-prøvene inneheldt ikkje yttrium, så presisjonsberekningane for dette elementet vart kun basert på reelle prøvar (fiskefôr, -feces og spika basaldiett). Vilkår for bestemming av ulike presisjonsparameter er vist i Tabell 13.

Tabell 13 Vilkår for bestemming av ulike presisjonsparameter.

Bestemme kva	Korleis	Kor mange gonger	Kva skal bereknast/bestemmast ut frå data?
Repeterbarheit	Same analytikar Same utstyr Same laboratorium Kort tidsramme	6-15 replikat for kvar prøve	Bestemme standardavvik for kvar prøvetype
«Intermediate precision»	Ulike analytikarar Ulikt utstyr Same laboratorium Utvida tidsramme	6-15 replikat for kvar prøve	Bestemme standardavvik for kvar prøvetype
Reproduserbarheit for Ca, Cu, Fe, K, Mg, Mn, Na, Zn	Ulike analytikarar Ulikt utstyr Ulike laboratorium Utvida tidsramme		Samanlikne med NS-EN 15621:2017 valideringa
Reproduserbarheit for Y	Ulike analytikarar Ulikt utstyr Ulike laboratorium Utvida tidsramme		Bestemme reproduserbarheitsstandardavvik og HorRat-verdi

Repeterbarheita til instrumentet var undersøkt ved å analysere den same oppslutta prøva 20 gonger. For å få nok prøve, vart 0,4 g av 2020-8248-1 (ringtest, fiskefôr) oppslutta og tynna til 100 ml i målekolbe.

3.4 Riktighet/nøyaktighet

3.4.1 Analyse av eksternt referansematerial

Kvart referansematerial vart analysert ved såkalla «nested design». Det vil seie at to analytikarar analyserte seks replikat per dag i tre dagar, totalt 36 analyser per referansematerial. Det vart valt eit såpass stort omfang av analyser fordi resultatata også vart nytta til presisjonsberekningar for metoden (sjå kapittel 3.3).

3.4.2 Spiking av basaldiett med yttriumoksid

Basaldietten frå kapittel 3.1.2 vart nytta i desse forsøka. Det vart laga spika prøvar av basaldiett med yttriumoksid (Y_2O_3 , Sigma-Aldrich, reinheit >99,99 %, LOT nr. STBJ3300). Først vart det laga ein premiks, der 199,022 gram basaldiett vart tilsett 1,0075 g Y_2O_3 . Deretter vart denne premiksen tynna ytterlegare med meir basaldiett. Blandingsmengder av dei spika prøvane er vist i Tabell 14. Den berekna konsentrasjonen tar også hensyn til bakgrunnsnivået av yttrium i basaldietten.

Tabell 14 Berekna konsentrasjonar i basaldiettprøvar spika med yttriumoksidhaldig premiks.

Mengde basaldiett (g)	Mengde premiks (g)	Berekna Y-konsentrasjon i spika prøve (mg/kg)
196,58	3,39	68,00
188,81	11,19	222,78

Yttriumkonsentrasjonen i dei spika prøvane tilsvarar vanlege nivå i fiskefôr (lågt nivå) og -feces (høgt nivå). Kvar spika prøve vart analysert 10 gonger. I tillegg vart basaldietten utan tilsetjing analysert, for detektering av bakgrunnsnivået av yttrium.

3.4.3 Samanlikning med eksternt laboratorium

Fire yttriumhaldige prøvar vart sendt til Eurofins for analyse; to prøvar av fiskefeces og to prøvar av fiskefôr. Desse prøvane vart analysert med to parallellar kvar. Eurofins analyserer vanlegvis kun éin parallell, difor vart det sendt to fraksjonar av kvar prøve (skjulte parallellar). Ei oversikt over desse prøvane er vist i Tabell 15.

Tabell 15 Prøvar av fiskefeces og fiskefôr sendt til Eurofins for yttriumanalyse.

Prøvetype	Journalnummer, Biolab
Fiskefeces	2020-0804-1
Fiskefeces	2020-0815-1
Fiskefôr	2020-8556-1
Fiskefôr	2020-8557-1

3.5 Konsentrasjons-/måleområde

Det vart analysert 20 blindprøvar for bestemming av deteksjonsgrenser og kvantifiseringsgrenser for valideringselementa. Blindprøvane besto av rensa vatn (1 ml) og salpetersyre (69 %, 2 ml). Prøvane vart oppslutta på UltraWave (22-posisjonsrack, oppslutningsrøyr av glas), og tynna på same måte som reelle prøvar (til 50 ml, med rensa vatn). Dei vart deretter analyserte på ICP-OES etter normal prosedyre.

Det vart også oppslutta blindprøvar i 5-posisjonsrack, for samanlikning av glasrøyr og kvartsrøyr. Her vart det brukt rensa vatn (4 ml) og salpetersyre (69 %, 6 ml) i oppslutninga, før tynning på vanleg måte med rensa vatn til 50 ml.

3.6 Robustheit

Det vart oppslutta og analysert seks-sju replikat med to ulike prøvemengder, for fire aktuelle prøvetypar; fiskemjøl, fiskefôr med høgt feittinnhald, fiskefeces og heil fisk. Prøvetype og innvege prøvemengder er gitt i Tabell 16.

Tabell 16 Ulike prøvemengder brukt i robustheitsforsøk for aktuelle prøvetypar.

Prøvetype (journalnr.)	Innveging 1 (g)	Innveging 2 (g)
Fiskemjøl (2020-7919-1)	0,2*	0,5
Feitt fiskefôr (2020-8556-1)	0,5	1,0*
Fiskefeces, frysetørka (2020-815-1)	0,1	0,2*
Heil fisk, frysetørka (2022-456-12)	0,5*	0,8

*Standard prøvemengd for gitt prøvetype.

4 Resultat

4.1 Selektivitet

4.1.1 IntelliQuantundersøking av aktuelle prøvetyper


Tabell 17 viser omtrentleg elementinnhald (utover dei elementa som inngår i valideringa) for ulike prøvar og prøvetyper.

Tabell 17 Elementinnhald i aktuelle prøvetyper, utover valideringselementa, detektert av IntelliQuantfunksjonen i ICP Expert. Alle tal oppgitt i mg/kg.


Prøve	Prøvetype	Element					
		B	Ba	P	Si	Sr	Ti
2020-8247-1	Fiskemjøl, ringtest	-	4	25000	40	30	-
2020-8248-1	Fiskefôr, ringtest	-	3	7500	100	100	1
2020-8556-1	Feitt fiskefôr	-	3	8500	200	10	1
2020-8557-1	Feitt fiskefôr	1	4	12000	240	10	1
2020-804-1	Fiskefeces	-	4	26000	80	45	2
2020-815-1	Fiskefeces	-	4	37000	90	45	2

4.1.2 Spektrum for utvalde bølgelengder


I innleiande forsøk har ulike bølgelengder blitt testa ut, og det har blitt valt ut to-tre gode bølgelengder for kvart element. Bølgelengdene er valt ut med bakgrunn i ingen/minimal spektralinterferens, god signalintensitet og fin form på topp/baselinje. Dei følgande figurane (Figur 1-Figur 22) viser spektrum for injeksjon av standard 3, konsentrasjonar av dei ulike elementa er gitt i figurtekstane.



Figur 1 Spektrum for Ca 317,933 nm ved analyse av standard 3 (kalsiumkonsentrasjon 250 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.




Figur 2 Spektrum for Ca 370,602 nm ved analyse av standard 3 (kalsiumkonsentrasjon 250 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta




Figur 3 Spektrum for Ca 422,673 nm ved analyse av standard 3 (kalsiumkonsentrasjon 250 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.

Kopar




Figur 4 Spektrum for Cu 324,754 nm ved analyse av standard 3 (koparkonsentrasjon 1 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.




Figur 5 Spektrum for Cu 327,395 nm ved analyse av standard 3 (koparkonsentrasjon 1 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.


Jern




Figur 6 Spektrum for Fe 234,350 nm ved analyse av standard 3 (jernkonsentrasjon 7 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.




Figur 7 Spektrum for Fe 238,204 nm ved analyse av standard 3 (jernkonsentrasjon 7 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.




Figur 8 Spektrum for Fe 259,940 nm ved analyse av standard 3 (jernkonsentrasjon 7 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.




Figur 9 Spektrum for K 766,491 nm ved analyse av standard 3 (kaliumkonsentrasjon 250 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.




Figur 10 Spektrum for K 769,897 nm ved analyse av standard 3 (kaliumkonsentrasjon 250 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.




Figur 11 Spektrum for Mg 279,553 nm ved analyse av standard 3 (magnesiumkonsentrasjon 50 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.




Figur 12 Spektrum for Mg 280,270 nm ved analyse av standard 3 (magnesiumkonsentrasjon 50 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.



Figur 13 Spektrum for Mg 285,213 nm ved analyse av standard 3 (magnesiumkonsentrasjon 50 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.




Figur 14 Spektrum for Mn 257,610 nm ved analyse av standard 3 (mangankonsentrasjon 1 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.




Figur 15 Spektrum for Mn 260,568 nm ved analyse av standard 3 (mangankonsentrasjon 1 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.


Natrium




Figur 16 Spektrum for Na 588,995 nm ved analyse av standard 3 (natriumkonsentrasjon 250 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.




Figur 17 Spektrum for Na 589,592 nm ved analyse av standard 3 (natriumkonsentrasjon 250 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.




Figur 18 Spektrum for Y 332,788 nm ved analyse av standard 3 (yttriumkonsentrasjon 7 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.




Figur 19 Spektrum for Y 360,074 nm ved analyse av standard 3 (yttriumkonsentrasjon 7 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.



Figur 20 Spektrum for Y 371,029 nm ved analyse av standard 3 (yttriumkonsentrasjon 7 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.



Figur 21 Spektrum for Zn 206,200 nm ved analyse av standard 3 (sinkkonsentrasjon 7 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.



Figur 22 Spektrum for Zn 213,857 nm ved analyse av standard 3 (sinkkonsentrasjon 7 mg/l). «Fitted background correction» vart nytta.


4.1.3 Gjenfinningsforsøk med yttrium

Basaldiett tilsett ulike mengder yttriumstandard vart analysert som skildra i kapittel 3.1.2. Det viste seg at yttriumkonsentrasjonen vart for høg for aksiell avlesing på enkelte av prøvane, difor er kun resultatata for radiell avlesing presenterte. Bakgrunnsnivåa i prøve 1 og 2 (utan tilsetning av standard) vart brukt til å korrigere resultatata for prøvane 3-8. Dei korrigerte konsentrasjonane er vist i Tabell 18.


Tabell 18 Målte konsentrasjonar av yttrium i gjenfinningsforsøka. Resultata er korrigert for bakgrunnsverdien i prøve 1 og 2. Alle konsentrasjonar er gitt i mg/l.

Prøvenr.	Bølgelengder (nm)			
	Y 332,788	Y 360,074	Y 371,029	Y 377,433
3	20,59	20,41	20,28	20,48
4	24,44	24,10	24,00	24,25
5	124,62	122,41	121,15	123,15
6	128,36	125,52	124,79	126,73
7	225,40	220,77	215,18	222,36
8	220,80	215,51	209,52	216,78


Figur 23 til Figur 26 viser tilsett mengd yttrium (frå Tabell 9) plotta mot avlesen mengd yttrium (Tabell 18) for dei ulike bølgelengdene som vart testa.




Figur 23 Tilsett mengd yttrium plotta mot avlesen mengd yttrium ved Y 332,788 nm, med trendlinje.



Figur 24 Tilsett mengd yttrium plotta mot avlesen mengd yttrium ved Y 360,074 nm, med trendlinje.



Figur 25 Tilsett mengd yttrium plotta mot avlesen mengd yttrium ved Y 371,029 nm, med trendlinje.



Tabell 81 Regresjonsstatistikk for Na 589,592 nm, for standardkonsentrasjon opp til 250 mg/l.

Parameter	Regresjon	Skjeringspunkt	Stigningstal
Observasjonar (n)	6 / 6		
R ² -verdi	0,9999 / 0,9996		
F-verdi	31364 / 10917		
t-verdi		2,385 / 1,934	177,1 / 104,5
p-verdi		0,076 / 0,125	6,1x10 ⁻⁹ / 5,0x10 ⁻⁸
Nedre 95 % konfidensintervall		-1783 / -6419	5244 / 5119
Øvre 95 % konfidensintervall		23503 / 35890	5411 / 5398

Nokre av residualplotta gitt i kapittel 4.2 kan sjå ut til å ha ein kurva respons for heile eller deler av kalibreringsområdet. Dette gjeld til dømes for sink (Zn 213,857 nm, Figur 68) og natrium (Na 588,995 nm, Figur 56). Dette vert ikkje lagt vekt på, då regresjonsstatistikken stadfester linearitet for alle undersøkte kurver i konsentrasjonsområda som er aktuelle for denne valideringa.

På grunn av variasjon i detektert intensitet, vert det analysert standardar som del av kvar analysesekvens. Programvara bereknar nye kalibreringskurver, og analyseresultata vert kalkulerte utfrå desse. For at kalibreringskurvene skal blir godkjente i programvara, må korrelasjonskoeffisienten vere minimum 0,995. Sidan kalibreringskurvene vert berekna for kvar analysesekvens, vert likningar oppnådd i linearitetsforsøka difor ikkje brukt til anna enn å bekrefte lineær samanheng mellom konsentrasjon og signalintensitet for dei undersøkte konsentrasjonsområda.

5.3 Presisjon

5.3.1 Repeterbarheit

Av prøvetypane som er inkludert i den eksterne valideringa (metodereferansen), er det antatt at matrisene i saue- og griseføret er mest like prøvetypane i denne valideringa. Oppnådde repeterbarheitsgrenser er difor samanlikna med grensene gitt for desse to føra. Tabell 82 samanliknar oppnådde repeterbarheitsgrenser med grenser gitt i metodereferansen. Grøn rute vil seie at oppnådd repeterbarheitsgrense er lågare (betre) enn tilsvarande i metodereferansen, gul rute tyder tilsvarande nivå som referansen og raud rute tyder at oppnådd grense er høgare (dårlegare) enn tilsvarande i metodereferansen. Då metodereferansen ikkje inneheld yttrium, vart oppnådde repeterbarheitsgrenser for yttrium samanlikna med andre element med om lag lik konsentrasjon i prøven.

Tabell 82 Samanlikning av oppnådde repeterbarhetsgrenser og repeterbarheitgrenser gitt i metodereferansen. Grøn rute: oppnådd repeterbarheit er lågare (betre) enn referanseverdiane, gul rute: oppnådd verdi er på same nivå som referanseverdiane, raud rute: oppnådd verdi er høgare (dårlegare) enn referanseverdiane.

Prøve Element	Fiskemjøl	Fiskefôr	Basaldiett spika med Y	Feitt fiskefôr	Fiskefeces	Heil fisk	Samle Verdi for alle prøvar
Ca	Yellow	Yellow	Red	Yellow	Green	Red	Yellow
Cu	Green	Green	Yellow	Green	Green	Green	Green
Fe	Red	Green	Red	Green	Green	Red	Green
K	Green	Red	Green	Red	Green	Green	Green
Mg	Green	Red	Green	Red	Yellow	Red	Red
Mn	Red	Yellow	Red	Red	Green	Red	Yellow
Na	Green	Red	Green	Red	Green	Yellow	Green
Y	Grey	Grey	Samanlikna med Mn	Samanlikna med Mn	Samanlikna med Fe	Grey	Samanlikna med Zn
Zn	Green	Red	Red	Green	Green	Red	Green

Som Tabell 82 viser, varierer dei oppnådde repeterbarheitsgrensene frå betre til dårlegare enn referansegrensene. For fleire av grensene er skilnaden mellom referanseverdi og oppnådd verdi liten, t.d. for kalium i fiskefôr (2020-8248-1, ringtest) der oppnådd verdi er 3,2 % (Tabell 42) mens referanseverdien for kalium i grisefôr er 2,8 % (Tabell 3). For basaldiett spika med yttrium derimot, er oppnådde verdiar for jern (13,7 %) og mangan (18,5 %) langt større enn referanseverdiane (hhv. 6,3 % og 5,3 % i grisefôr). Slike store avvik skuldast truleg inhomogen fordeling av desse elementa i prøvematerialet, som nødvendigvis vil ha negativ effekt på repeterbarheita. Dette er spesielt tydeleg for repeterbarheita i heil fisk. Tala er baserte på analyser av prøvar av oppmalt, frysetørka, heil fisk, som er tydeleg inhomogene. Desse prøvane er brukt då dei er ansett som «worst case»-prøvar med tanke på homogentitet. Oppnådd repeterbarheit er likevel betre enn venta utfrå prøvetypane, og for fleire av elementa er oppnådd repeterbarheit for heil fisk betre enn den oppnådd for basaldietten. Kalsium i heil fisk-prøvar har det største avviket for repeterbarheitsgrenser (22,6 % mot 4,8 % for grisefôr i referansen), dette er venta då små beinbitar i prøvematerialet har mykje å seie for analysen av kalsium.

Alle elementa har oppnådd betre eller tilsvarande repeterbarheitsgrenser i to eller fleire av prøvetypane, og alle prøvetypar (med unntak av heil fisk) har minst like mange element med betre/tilsvarande repeterbarheitsgrenser som element med dårlegare grenseverdiane. Variasjonen i kvafor element som gir god/dårleg repeterbarheit, tyder på at dette avheng av prøven og ikkje systematisk feil i metoden. For dei samla repeterbarheitstala, som er baserte på alle dei undersøkte prøvane (med unntak av heil fisk), har dei fleste elementa betre repeterbarheitsgrenser enn metodereferansen, kun magnesium var noko dårlegare (3,3 % mot 2,0 og 2,1 % for grise- og sauefôret i referansen).

Den oppnådde repeterbarheita vert totalt sett vurdert å vere like god som referansedata, og homogenitet av prøvematerialet vert vurdert å vere den viktigaste faktoren for å oppnå god repeterbarheit.

5.3.2 «Intermediate precision»/intern reproduserbarheit

Intern reproduserbarheit oppnådd for ulike prøvetypar vart samanlikna med reproduserbarheitsgrensene gitt i metodereferansen. Dette er ikkje ein fullgod samanlikning, då intern reproduserbarheit generelt er lågare enn reproduserbarheit mellom ulike laboratorium. Som Tabell 83 viser, er oppnådd intern reproduserbarheit i hovudsak betre enn referanseverdiane. Unntaka er jern i fiskemjølprøven (2020-8247-1, ringtest), kopar og mangan i basaldiett spika med Y, og kalsium i heil fisk. Avvika her er mistenkt å skuldast inhomogen fordeling av elementa i prøvane. Intern reproduserbarheit vert dermed vurdert å vera god.

Tabell 83 Samanlikning av oppnådd intern reproduserbarheit og reproduserbarheitsgrenser gitt i metodereferansen. Grøn rute: oppnådd intern reproduserbarheit er lågare enn referanseverdiane, gul rute: oppnådd verdi er på same nivå som referanseverdiane, raud rute: oppnådd verdi er høgare enn referanseverdiane.

Prøve Element	Fiskemjøl	Fiskefôr	Basaldiett spika med Y	Feitt fiskefôr	Fiskefeces	Heil fisk
Ca	Grøn	Grøn	Gul	Grøn	Grøn	Raud
Cu	Grøn	Grøn	Raud	Grøn	Grøn	Grøn
Fe	Raud	Grøn	Gul	Grøn	Grøn	Grøn
K	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn
Mg	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn
Mn	Grøn	Grøn	Raud	Grøn	Grøn	Gul
Na	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn
Y	Grå	Grå	Samanlikna med Mn	Samanlikna med Mn	Samanlikna med Fe	Grå
Zn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn	Grøn

5.3.3 Vurdering av repeterbarheitsdata for kalium

Ifølge metodereferansen er denne analysemetoden mest eigna som screeningmetode for element der oppnådd HorRat-verdiar er større enn to, og kalium vert trekt fram som eit døme. Det er imidlertid ikkje slik at kalium kategorisk gir HorRat > 2 og alle andre undersøkte element HorRat < 2. Alle elementa som var inkludert i den eksterne valideringa hadde HorRat-verdi større enn to for minimum éin av dei undersøkte prøvane.

For kalium var HorRat over to for åtte av 10 prøveresultat i den eksterne valideringa. Dei to prøvane som gav HorRat under to var grise- og sauefôra (HorRat lik 1,9 og 1,5). Reproduserbarheitsgrensene for kalium i desse prøvane var tilsvarande som for dei andre elementa (8,3 % og 6,0 %). Då det er antatt at grise- og sauefôrmatrisene er dei som liknar mest på aktuelle matriser for Biolab, og oppnådde verdiar for repeterbarheit og intern reproduserbarheit for kalium ikkje skil seg frå dei andre elementa, blir metoden vurdert å vere eigna til kaliumanalyser hjå Biolab.

5.3.4 Reproduserbarheitsdata og HorRat-verdiar for yttriumanalyser

Fire yttriumhaldige prøvar vart sendt til Eurofins Hamburg for analyse. Desse analysene vart brukt til å berekne reproduserbarheitsstandardavvik og HorRat-verdiar for yttrium. Det er kun brukt to dobbelbestemmingar som grunnlag for utrekningane; éin frå Biolab og éin frå Eurofins. Berekna verdiar er dermed usikre, men gir ein indikasjon på korleis Biolab sine tal er samanlikna med Eurofins. Som Tabell 54 viser, er alle HorRat-verdiane under 1 som vil seie at reproduserbarheita er betre enn venta. For tre av prøvane er imidlertid HorRat-verdiane lågare enn 0,5, som er grenseverdien for kva som er akseptabelt. Samanlikning av reproduserbarheitsstandardavvika med data frå metodereferansen viser også at oppnådde RSD_R -verdiar er betre enn referansetal for grise- og sauefôr. RSD_R for fecesprøvane er samanlikna med referanseverdiar for jern, og fôrprøvane med referanseverdiar for mangan. Oppnådde verdiar indikerer at reproduserbarheita for yttrium er god.

5.3.5 Repeterbarheit av instrumentet

Repeterbareheitsforsøket viste særleg god repeterbarheit for instrumentet ved analyse av same oppslutta prøve, under 1% RSD_r for alle dei undersøkte elementa. Den aktuelle prøven inneheldt ikkje yttrium, men repeterbarheita for dette elementet vert antatt å vere tilsvarande dei andre.

5.4 Riktigheit/nøyaktigheit

5.4.1 Analyse av eksternt referansematerial

Som Tabell 56 viser, gav begge ringtestprøvane E_r -verdiar under éin for samtlege av dei undersøkte bølgelengdene, med unntak av dei to bølgelengdene for sink. For fiskefôrprøven (2020-8248-1) var z-score for Zn 206,200 nm over tre, mens alle andre bølgelengder gav z-score under tre for begge prøvane. Som diskutert under kapittel 5.1.1, er Zn 213,857 nm vurdert som den foretrukne bølgelengda for sinkanalyse, z-score understøttar dette. Basert på z-score og E_r -verdi, vert riktigheita ved undersøkte bølgelengder vurdert som god for alle analyserte element.

Berekning av bias og tilhøyrande t-verdi (Tabell 57 og Tabell 58) viste at Biolab sine analyseresultat ligg signifikant høgare for alle element i begge dei undersøkte prøvane. Bias var i same område for same element i dei to prøvane.

5.4.2 Spiking av basaldielt med yttriumoksid

Gjenfinningsforsøka med yttriumoksid i basaldielt viste at utbyttet (R %) låg mellom 94,3 og 98,6 %, uavhengig av bølgelengd og avlesingsakse. Dette er godt innanfor forventa gjenfinning ved dette konsentrasjonsområdet (90-107 %) (NMKL, 2012). Riktigheita for yttrium synast difor å vera god, og val av bølgelengd er mindre viktig. Skilnaden på aksiell eller radiell avlesing er også liten, men radiell avlesing viste generelt noko betre gjenfinning enn aksiell. Basert på det ein veit om nivå av yttrium i prøvar det er aktuelt å analysere på, kan ein med fordel velje radiell avlesing.

5.4.3 Samanlikning med eksternt laboratorium

Para t-test (Tabell 64) viser at det ikkje er signifikant skilnad mellom yttriumresultata oppnådd hjå Eurofins og Biolab (på 95 % signifikansnivå); t_{kritisk} er større enn t_{obs} og p-verdien er større enn 0,05. På bakgrunn av dette, og i tillegg gode resultat ved spikingforsøk med yttrium, vert det konkludert med av riktigheita av yttrium er god.

5.5 Konsentrasjons-/måleområde

Tabell 84 gir ei oversikt over kvafor konsentrasjonar kvantifiseringsgrensene i Tabell 65 tilsvarar ved standard prøvemengd (0,5 g) og fortynning (25 ml). Det er kun gitt verdiar for éi bølgelengd per element, då dei andre bølgelengdene gav tilsvarande resultat. Grenseverdien for natrium oppslutta i glasrøyr skil seg frå dei øvrige med ein verdi på 4,8 ppm i tynna prøve, som tilsvarar nær 500 ppm i eit tenkt prøvematerial (ved denne fortynningsgraden). Den høge verdien skuldast natriumlekkasje frå oppslutningsrøyra, som gir ein konsentrasjon på rundt 3 ppm natrium i blindprøven for denne typen prøverøyr. Dette tilsvarar 300 ppm i eit tenkt prøvematerial (ved 0,5 g innveging og tynning til 25 ml). Rapporterte natriumverdiar vil vere falskt høge som følge av denne lekkasjen. Blindprøvekonsentrasjonane av dei øvrige elementa er så små at dei kan neglisjerast.

Tabell 84 Kvantifiseringsgrenser i prøvematerial, gitt 0,5 g prøve og tynning til 25 ml, ved oppslutting i glasrøyr.

Element og bølgelengd (nm)	Kvantifiseringsgrense (ppm)	Konsentrasjon i prøvematerial (ved 0,5 g til 25 ml) (ppm)
Ca 317,933	0,259	13
Cu 327,396*	0,003	0,15
Fe 259,940	0,020	1,0
K 766,490*	0,599	30
Mg 279,553	0,126	6,5
Mn 257,610	0,0004	0,02
Na 589,592	4,8	240
Y 371,029	0,002	0,10
Zn 213,857	0,003	0,15

* Skjeringspunkt for kalibreringslikninga er brukt i staden for snittverdi av intensiteten i utrekninga, då denne gav negative grenseverdiar.

Det vart gjort forsøk med oppslutting av blindprøvar i kvartsrøyr for samanlikning med blindprøvar oppslutta i glasrøyr. I dette forsøket vart det brukt 5-posisjonsrøyr for oppsluttinga, då kvartsglas kun var tilgjengeleg i denne storleiken. Som resultata i Tabell 85 viser, vart det ikkje detektert natrium i prøvane oppslutta i kvartsglas. Natriumnivået målt i glasrøyrprøvene er lågare enn nivået målt i blindprøvar preparert i 22-posisjonsrøyr, dette skuldast truleg kvalitetsskilnadar i glaset. Kalium- og jernnivåa er om lag like for begge oppslutningsvilkåra, kalium kjem frå det rensa vatnet brukt i oppslutting og fortynning, jernet kjem frå salpetersyra.

Tabell 85 Samanlikning av blindprøvar oppslutta i kvarts- og glasrøyr.

Element og bølgelengd (nm)	Kvartsrøyr Snittkonsentrasjon ^a (ppm)	Glasrøyr Snittkonsentrasjon ^b (ppm)
Ca 317,933	-0,06	-0,07
Cu 327,395	0,00	0,00
Fe 259,940	0,02	0,02
K 766,491	0,25	0,18
Mg 279,553	-0,01	-0,01
Mn 257,610	0,00	0,00
Na 589,592	-0,01	0,74
Y 371,029	0,00	0,00
Zn 213,857	0,00	0,00

^aSnitt av tre replikat

^bSnitt av to replikat

Basert på resultatata over, vert det konkludert med at natriumanalyser bør oppsluttast i kvartsrøyr, og kvantifiseringsgrensa for natrium settast då til 0,45 ppm basert på utrekning ved hjelp av skjeringspunkt for kalibreringskurva i staden for intensitet i blindprøvar. Dette tilsvarar 47 mg/kg ved 0,5 g prøve og fortynning til 25 ml.

5.6 Robustheit

Det vart gjort robustheitsforsøk med ulike mengder innvege prøvematerial for ulike prøvetypar. Dette er av interesse då mengda tilgjengeleg prøvematerial kan vere begrensa, eller prøven kan vere inhomogen. Feittinnhald kan påverke homogenitet i fôrprøvar, mens i fiskemjøl kan beinfragment føre til ujamne parallellar. Oppmalt heil fisk gir lite homogene prøvar, som vanskeleggjer representative prøveuttak. Det er difor av interesse å vite korleis større eller mindre innvege prøvemengde påverkar analyseresultatet.

Resultata gitt for fiskemjøl i Tabell 66 og

Tabell 67 viser at for dei fleste elementa er det ingen signifikant skilnad i analyseresultatata ved 0,2 g og 0,5 g innvege prøve ($t_{\text{obs}} < t_{\text{kritisk}}$). Kun for magnesium og natrium er skilnaden statistisk signifikant. Desse elementa hadde svært gode parallellar og låge standardavvik i dette forsøket, og skilnaden i snittverdiar for dei ulike prøvemengdene, er små (sjå Vedlegg 5 - Robustheit for alle resultatata). Beinfragment kan gi inhomogent prøveuttak for fiskemjøl, noko som resulterer i dårlege parallellar for kalsiuminnhald. Dette vart ikkje observert for den aktuelle prøven. Totalvurderinga for fiskemjølprøven blir dermed at 0,2 g og 0,5 g innvege prøve gir same analyseresultat.

Tabell 68 og Tabell 69 viser robustheitsresultata for feitt fiskefôr (2020-8556-1) ved 0,5 g og 1,0 g prøvemengd. For denne prøven var det kun jernanalysen som var signifikant ulik for dei to prøvemengdene. Det blei observert store variasjonar mellom parallellane for prøvane med 1,0 g innveging (sjå Vedlegg 5 - Robustheit). Dette var uventa, då eventuell inhomogenitet i prøven burde bli mindre ved større prøveuttak. Etter oppslutting var prøvane sterkt gulfarga, dette er unormalt og har ikkje blitt observert tidlegare for denne prøven. Tilsvarande sprik i analyseresultatata for jern har heller

ikkje vorte observert i tidlegare analyser av same prøve. Øvrige element gav like resultat for dei to prøvemengdene, med tilsvarende standardavvik uavhengig av prøvemengde.

Gulfargen som vart observert i 1 g-prøvane kan tyde på at oppslutninga var ufullstendig. Forsøket vart gjentatt med same prøve samt med ein annan fôrprøve (0,5 g og 1 g innveging for begge) som gav tilsvarende resultat; gode parallellar for alle element i 0,5 g-prøvane, dårlege parallellar for jern i 1 g-prøvane. Det vert difor konkludert med at 1,0 g prøve er for mykje for 8-posisjonsrøyra for det aktuelle oppsluttingsprogrammet. Innveging på 0,5 g for fôr har gitt gode resultat, difor vert det ikkje undersøkt vidare om justering av ultraWaveprogrammet kan betre oppslutninga for 1 g fôr i 8-posisjonsrøyr, eller om redusert innveging (t.d. 0,8 g) kan gi betre parallellar.

For fiskefeces er prøvemengda ofte begrensa, det kan difor vere aktuelt å gå ned i innvege prøvemengd. Innveging på 0,1 g vart samanlikna med standardmengda på 0,2 g. Resultata gitt i Tabell 70 og Tabell 71 viser at analyseresultata for 0,1 g prøvemengd generelt låg litt høgare enn resultat med standardinnveging, 0,2 g. Standardavvika var også noko høgare for 0,1 g-prøvane. T-test av resultata viste at skilnaden i analyseresultat var signifikant for alle element, utanom kopar og yttrium. Det vert difor anbefalt å halde på 0,2 g innveging så sant dette er mogeleg, men for kopar- og yttriumanalyser kan ein gå ned til 0,1 g prøvematerial.

Oppmalt heil fisk er ein vanskeleg prøvetype, då den er svært inhomogen. Det vart undersøkt om auka prøvemengde ville gi signifikant skilnad i analyseresultat, samanlikna med standard innvegingsmengde (0,5 g) for denne prøvetypen. Det vart valt å samanlikne standardinnveging med 0,8 g prøvemengd, etter erfaring for robustheitsforsøk med fôr. Resultata gitt i Tabell 72 og Tabell 73 viser at snittverdiene er særst like for dei fleste element for dei to innvegingsmengdene, med noko større skilnad for Ca (7203 ppm og 8041 ppm). Standardavvika er noko lågare for 0,8 g innveging enn for 0,5 g for alle elementa, men det er ingen signifikant skilnad i analyseresultata ved dei to prøvemengdene ($t_{\text{obs}} < t_{\text{kritisk}}$) for alle undersøkte element for oppmalt heil fisk. Det vert difor ikkje gjort endringar i innvege prøvemengd for oppmalt heil fisk.

5.7 Måleusikkerheit

Prøvane som er brukte til berekning av måleusikkerheit har resultat som ligg i normalområdet for typiske prøvematerial. Ingen av prøvane har elementkonsentrasjonar nær kvantifiseringsgrensa.

Ei gjennomgang av historiske prøvar Nofima Biolab har fått analysert av eksterne laboratorium dei siste to åra, viser at det kun unntaksvis førekjem analyser nær kvantifiseringsgrensa for enkelte element (kopar, jern og sink). Dette gjeld utypiske prøvar som hydrolysat. Ut frå dette vert måleusikkerheit berekna frå prøvar i normalområda vurdert å vere ok. Det vil bli gjort nye berekningar av måleusikkerheit for alle element etter deltaking i fleire SLP-rundar.

5.7.1 Måleusikkerheitsbidrag

Det vart utført ei teoretisk vurdering av usikkerheitsbidrag i metoden, som vist i Tabell 86.

Dei mest kritiske punkta for å sikre nøyaktige analyser, er homogenitet av prøven, nøyaktig tillaging av standardar og korrekt vedlikehald av instrumentet. Homogenitet av prøven er vurdert å gi middels til stort bidrag til usikkerheita i analysa. For nokre prøvar er det enkelt å sjå om materialet er inhomogent. Dette gjeld til dømes fisk. Andre prøvar kan ha synlege klumpar, men det er ikkje mogeleg å vurdere

om elementfordelinga i klumpene er lik som i pulverisert prøve (t.d. for feces). Fiskemjøl og -fôr er som regel visuelt homogene og utan klumpar, men fordelinga av element kan likevel vere inhomogen i innvege prøvar. Feite fôr er vurdert å gi større bidrag til måleusikkerheit fordi desse prøvane er vanskelege å male fint opp, og fordi feittet kan løyse fôringrediensar ulikt og dermed skape inhomogenitet i prøven. Ulik mengde feitt/tørrstoff i parallellane gir dermed varierende resultat. Det same er tilfelle for oppmalt heil fisk, der beinfragment også kan gi store variasjonar i kalsiuminnhald.

Eit anna punkt som er avgjerande for analyseresultata, er nøyaktige standardar. Sidan programvara bereknar ny standardkurve for kvar analysesekvens, vert lineariteten til kurvene sjekka i kvar køyring. Dermed blir ikkje kalibreringa godkjent om punkta avvik for mykje frå satte krav (korrelasjonskoeffisient minimum 0,995, og maks 20 % avvik frå målt punkt til berekna kurve). Små unøyaktigheiter kan likevel påverke kalibreringskurva noko, og dermed også analyseresultata. For å sikre at det ikkje er vesentleg skilnad på standardane ved tillaging av ny standardrekke, vert nye standardar analysert som prøvar for å sjekke konsentrasjonen. Kontrollprøven vil også vise om noko er feil med standardkurva.

Vedlikehald av instrumentet er også vurdert å vere viktig for nøyaktigheita av analysa. Slitne pumpe slangar kan føre til at mengda prøve som kjem opp i plasmaen ikkje stemmer med det systemet forventar, og dermed gi feil i berekna elementkonsentrasjonar. Dersom instrumentdelane ikkje er godt nok reingjort kan partiklar som har bygd seg opp løsne, bli ført opp i plasmaen og gi falskt høge signal.

Øvrige punkt er vurdert å gi små bidrag til måleusikkerheit. Det vert i stor grad nytta eingongsutstyr, antistatisk vekt med 0,1 mg nøyaktigheit, robust oppslutningsmetode, og kontrolltiltak som skylking mellom kvar prøveinjeksjon og blankprøve etter kvar femte prøve i sekvensen for å hindre og oppdage eventuell «carry over» mellom prøvar. Dersom gasstrykket ikkje er akseptabelt eller varierer for mykje, vil instrumentet gi feilmelding og analysa stoppar.

Tabell 86 Teoretisk vurdering av måleusikkerhetsbidrag for ulike kjelder i elementanalyser.

Kjelde til måleusikkerheit	Bidrag til måleusikkerheit		
	Lite bidrag	Middels bidrag	Stort bidrag
Reagensar (salpetersyre, standardar, rensa vatn)	X		
Prøvepreparering			
Innveging av prøve	X		
Homogenitet av prøve		X	X (feitt fôr, heil fisk)
Oppslutting	X		
Fortynning av oppslutta prøve	X		
Utstyr (ureint, lekkasje frå glas osv.)	X		
Standardkurve			
Tillaging av standardar		X	
Måling og berekning av standardkurve	X		
Stabilitet av standardar (lagring over tid)	X		
Analyse			
Mangelfull reingjering av instrumentdelar		X	
Ut slitne pumpeslangar		X	
Kalibrering av detektor og bølgelengder	X		
Skylling mellom analyser (carry over)	X		
Feil/varierende gasstrykk	X		

5.7.2 Eksperimentell måleusikkerheit

Berekning av eksperimentell måleusikkerheit gav RSD % ($\pm 2 s$) mellom 9 % og 30 % for dei undersøkte bølgelengdene. Mangan skil seg ut med den høgaste måleusikkerheita, 30 % for begge bølgelengdene. Jern ligg også høgt med 18 % - 24 %. Kva dette skuldast er uvisst, men inhomogen fordeling av elementa i prøvane er truleg hovudgrunnen, dette er ofte tilfelle for jern. Mangan er det gjerne mindre mengder av i prøvane, så eventuell inhomogenitet vil dermed raskt gi store prosentvise avvik.

Dei resterande elementa har eksperimentelle måleusikkerheiter frå 9 % - 16 %. For alle element er grunnlaget for berekningane noko snevert, og kun basert på samanlikning med eksternt laboratorie. Måleusikkerheiter bør bereknast på nytt etter deltaking i fleire SLP-rundar.

Kombinert måleusikkerheit vart berekna for yttrium etter gjenfinningsforsøk. God gjenfinning gav kombinert måleusikkerheit lik som den eksperimentelle måleusikkerheita for alle dei tre undersøkte bølgelengdene.

6 Konklusjon

Basert på arbeidet og resultatene beskrevet i denne rapporten, er valideringen vurdert som fullført og metoden er gyldig. Under følger ei oppsummering av kvar av dei undersøkte valideringsparametra.

Selektivitet

Ulike bølgelengder har vorte undersøkt for kvart element for å finne dei best eigna emisjonlinjene for aktuelle prøvetypar. Val av foretrukne bølgelengder er basert på ein totalvurdering av signalintensitet, moglege interferensar, form på toppen og riktighet av analyseverdi. Det var gjort forsøk med tilsats av cesiumklorid i prøveløysingane for å avdekke eventuell ioniseringsinterferens. Dette vart ikkje observert. Det vart difor konkludert med at ioniseringsinterferens ikkje er eit problem. Fysiske interferensar er vurdert ikkje å vere eit problem på grunn av matrisematching mellom prøve og standardløysingar, samt høg fortynningsgrad av prøvane. Gjenfinningsforsøk med yttrium viste god selektivitet og ingen matriseeffektar.

Linearitet

Linearitetsforsøk viste at alle dei undersøkte bølgelengdene gav kalibreringskurver som oppfyller krav til linearitet i dei aktuelle konsentrasjonsområda.

Presisjon

Repetierbarheit og «intermediate precision» vart funne å vere like gode som grensene gitt i referansemetoden. Repetierbarheit til instrumentet er svært god.

Riktighet

Det vart oppnådd gode E_n -verdi og z-score for alle element utanom yttrium i to ringtestprøvar. Basert på desse resultatene vert riktigheita av kalsium, kopar, jern, kalium, magnesium, mangan, natrium og sink vurdert som god. For yttrium vart det gjort gjenfinningsforsøk av yttrium i spika basaldiett, og gjenfinninga låg mellom 94,3 % og 98,6 %. Oppnådde yttriumresultat i fire reelle prøvar vart også samanlikna med resultat frå eksternt laboratorium. Det vart ikkje funne signifikant skilnad mellom eksterne resultat og Biolab sine resultat. Riktigheita av yttrium er vurdert som god.

Konsentrasjons-/måleområde

Kvantifiseringsgrenser vart berekna ut frå analyse av 20 blindprøvar. Det vart konkludert med at prøvar til natriumanalyse bør oppsluttast i kvartsrøyr, då lekkasjen av natrium frå glasrøyr vil gi falskt høge analyseverdiar. Lekkasje av andre element, samt spormengder av jern og kalium i syre og vatn brukt i analysen er vurdert som neglisjerbare.

Robustheit

Effekten av variert prøvemengd vart undersøkt for fiskemjøl, fett fiskefôr, fiskefeces og oppmalt heil fisk. Det vart funne at auka prøvemengd ikkje hadde nokon effekt på resultatene for fiskemjøl, -fôr og oppmalt fisk. Dersom mengda prøvematerial er begrensa, kan ein gå ned til 0,1 g prøvematerial (standardmengd er 0,2 g) for yttrium- og koparanalyser av fiskefeces.

Måleusikkerheit

Ekperimentell måleusikkerheit vart berekna for kvart element, basert på prøvar i normalområdet som har vorte analyser eksternt i tillegg til av Biolab. Resultata varierte frå 9 % til 30 %. Kombinert måleusikkerheit for yttrium gav same resultat som den berekna ekperimentelle måleusikkerheita.

7 Litteratur

- ARMBRUSTER, D. A., TILLMAN, M. D. & HUBBS, L. M. 1994. Limit of detection (LQD)/limit of quantitation (LOQ): comparison of the empirical and the statistical methods exemplified with GC-MS assays of abused drugs. *Clin Chem*, 40, 1233-8.
- COLBY-COLLEGE. no date. *Linest in excel* [Online]. Waterville, USA: Colby College. Available: <http://www.colby.edu/chemistry/PChem/notes/linest.pdf> [Accessed June 5th 2013].
- DOUGLAS A. SKOOG, D. M. W., F. JAMES HOLLER, STANLEY R. CROUCH 2004. *Fundamentals of Analytical Chemistry*, USA, Thomson Learning, Inc.
- HORWITZ, W. & ALBERT, R. 2006. The Horwitz Ratio (HorRat): A Useful Index of Method Performance with Respect to Precision. *Journal of AOAC International*, 89, No. 4, 1095-1109.
- HOVIND, H., MAGNUSSON, B., KRYSELL, M., LUND, U. & MÄKINEN, I. 2011. Internal Quality Control - Handbook for Chemical laboratories (Trollboken - Troll book) (NT TECHN REPORT 569). 4th - English ed.
- INORGANIC-VENTURES. 2020. *Periodic Table* [Online]. Inorganic Ventures. Available: <https://www.inorganicventures.com/periodic-table> [Accessed 5-25 2020].
- ISO 1994a. Accuracy (trueness and precision) of measurement methods and results—Part 6: Use in practice of accuracy values (ISO 5725-6). ISO (International Organization for Standardization).
- ISO 1994b. Accuracy (trueness and precision) of measurement methods and results - Part 1: General principles and definitions (ISO 5725-1). 1st ed.: ISO (International Organization for Standardization).
- ISO 2005. Statistical methods for use in proficiency testing by interlaboratory comparisons (ISO 13528). 1st ed.: ISO (International Organization for Standardization).
- LINSINGER, T. P. J. 2008. Use of recovery and bias information in analytical chemistry and estimation of its uncertainty contribution. *TrAC Trends in Analytical Chemistry*, 27, 916-923.
- LØVÅS, G. G. 2005. *Statistikk for universiteter og høyskoler*, Universitetsforlaget.
- MAGNUSSON, B. & ÖRNEMARK, U. E. 2014. *Eurachem Guide: The Fitness for Purpose of Analytical Methods - A Laboratory Guide to Method Validation and Related Topics*.
- MICROSOFT-CORPORATION. 2016. *Linest function* [Online]. USA: Microsoft Corporation. Available: <https://support.office.com/en-us/article/LINEST-function-84d7d0d9-6e50-4101-977a-fa7abf772b6d> [Accessed June 15th 2016].
- NMKL 2009. NMKL-Prosedyre nr. 4 - Validering av kjemiske analysemetoder. NMKL (Nordisk Metodikkomité for Næringsmidler).
- NMKL 2012. NMKL-Procedur nr. 25 - Utbytte (Recovery) vid kemiska analytiska mätningar. NMKL (Nordisk Metodikkomité for Næringsmidler).
- STANDARD-NORGE 2017. Norsk Standard. NS-EN 15621:2017. Dyrefôr: Metoder for prøvetaking og analyse. Bestemmelse av kalsium, natrium, fosfor, magnesium, kalium, svovel, jern, sink, kopper, mangan og kobolt etter trykkoppslutning ved ICP-AES. Standard Norge.
- VESSMANN, J., STEFAN, R.I., VAN STADEN, J.F., DANZER, K., LINDNER, W., BURNS, D.T., FAJGELJ, A., MÜLLER, H. 2001. Selectivity in Analytical Chemistry (IUPAC Recommendations 2001), International Union of Pure and Applied Chemistry. *Pure Appl. Chem.*, 73, 1381-1386.

VEDLEGG

Vedlegg 1 – Linearitet

Vedleggtabell 1-Vedleggtabell 9 viser konsentrasjonar og avlese signalintensitet for undersøkte bølgelengder i linearitetsforsøka.

Vedleggtabell 1 Konsentrasjonar og målte intensitetar for standardar brukt i linearitetsforsøka for kalsium.

	Konsentrasjon (ppm)	Intensitet (c/s)					
		Ca 317,933 nm		Ca 370,602 nm		Ca 422,673 nm	
		Injeksjon 1	Injeksjon 2	Injeksjon 1	Injeksjon 2	Injeksjon 1	Injeksjon 2
Standard 1	50	673970	676066	48708	48620	263488	264212
Standard 2	100	1329686	1307481	96156	94435	514353	513928
Standard 3	150	2003397	1928393	145225	140048	751574	756579
Standard 4	200	2635983	2570265	191429	186558	1004028	1003429
Standard 5	250	3197191	3174391	233684	230886	1254611	1241966
Standard 6a	300	3989783	4011971	292165	291700	1544245	1550870
Standard 7a	350	4695724	4580306	345147	336695	1743127	1779733
Standard 8a	400	5408576	5374289	400306	396943	2097382	2087874
Standard 9a	450	5983601	5969531	444883	441026	2319328	2300792
Standard 10a	500	6282363	6233651	469600	459857	2400566	2382046

Vedleggtabell 2 Konsentrasjonar og målte intensitetar for standardar brukt i linearitetsforsøka for kopar.

	Konsentrasjon (ppm)	Intensitet (c/s)			
		Cu 324,754 nm		Cu 327,395 nm	
		Injeksjon 1	Injeksjon 2	Injeksjon 1	Injeksjon 2
Standard 1	0,2	14522	14503	7510	7438
Standard 2	0,4	25384	25556	13338	13367
Standard 3	0,6	43711	42800	23360	22770
Standard 4	0,8	52325	51516	27977	27640
Standard 5	1	61500	61306	32815	32325
Standard 6a	1,2	74068	74319	39962	39831
Standard 7a	1,4	87163	86078	46990	46206
Standard 8a	1,6	98984	99258	53556	53087
Standard 9a	1,8	114402	114265	61760	61311
Standard 10b	2	127010	123095	68119	65137

Vedleggstabell 3 Konsentrasjonar og målte intensitetar for standardar brukt i linearitetsforsøka for jern.

	Konsentrasjon (ppm)	Intensitet (c/s)					
		Fe 234,350 nm		Fe 238,204 nm		Fe 259,940 nm	
		Injeksjon 1	Injeksjon 2	Injeksjon 1	Injeksjon 2	Injeksjon 1	Injeksjon 2
Standard 1	1,4	18418	18474	50614	50415	28911	28999
Standard 2	2,8	35087	34839	96594	95784	55064	54575
Standard 3	4,2	56474	50927	155283	140099	87274	79635
Standard 4	5,6	70745	66618	194905	183168	110002	104224
Standard 5	7	82297	82238	226947	225816	128658	128864
Standard 6a	8,4	106558	106532	292845	292217	167150	166990
Standard 7a	9,8	131305	122487	359908	335948	203480	191838
Standard 8a	11,2	140022	140341	384551	383622	219226	219536
Standard 9a	12,6	156282	155460	428125	425575	244433	243309
Standard 10b	14	173332	170468	475004	465805	271269	265861

Vedleggstabell 4 Konsentrasjonar og målte intensitetar for standardar brukt i linearitetsforsøka for kalium.

	Konsentrasjon (ppm)	Intensitet (c/s)			
		K 766,491 nm		K 769,897 nm	
		Injeksjon 1	Injeksjon 2	Injeksjon 1	Injeksjon 2
Standard 1	50	80385	80386	82246	81482
Standard 2	100	155993	156610	131972	129655
Standard 3	150	233094	232800	182226	178136
Standard 4	200	309929	309584	231589	227277
Standard 5	250	386900	387167	278971	277052
Standard 6b	300	466436	464978	331811	328592
Standard 7b	350	532904	525418	378232	372275
Standard 8b	400	613984	612486	433816	428874
Standard 9b	450	671673	667133	473453	465516
Standard 10a	500	737229	738302	513772	510002

Vedleggstabell 5 Konsentrasjonar og målte intensitetar for standardar brukt i linearitetsforsøka for magnesium.

	Konsentrasjon (ppm)	Intensitet (c/s)			
		Mg 279,553 nm		Mg 285,213 nm	
		Injeksjon 1	Injeksjon 2	Injeksjon 1	Injeksjon 2
Standard 1	10	1271892	1266923	68977	69102
Standard 2	20	2552337	2492850	141637	139365
Standard 3	30	3742812	3596277	210071	204996
Standard 4	40	4722572	4590109	274276	268483
Standard 5	50	5632748	5575086	336929	335234
Standard 6b	60	6928479	6813435	416931	410540
Standard 7b	70	7914896	7689193	486096	470943
Standard 8b	80	8689235	8566303	536158	530056
Standard 9b	90	9748886	9265095	596912	580581
Standard 10b	100	10416704	10229834	669251	657143

Vedleggstabell 6 Konsentrasjonar og målte intensitetar for standardar brukt i linearitetsforsøka for mangan.

	Konsentrasjon (ppm)	Intensitet (c/s)			
		Mn 257,610 nm		Mn 260,568 nm	
		Injeksjon 1	Injeksjon 2	Injeksjon 1	Injeksjon 2
Standard 1	0,2	50308	50048	6106	6123
Standard 2	0,4	96979	96956	11821	11752
Standard 3	0,6	154253	142881	18932	17331
Standard 4	0,8	195824	187021	23899	22732
Standard 5	1	230491	229561	27992	28003
Standard 6a	1,2	298590	298777	36216	36173
Standard 7a	1,4	363029	345967	44332	41797
Standard 8a	1,6	393396	392263	47415	47541
Standard 9a	1,8	454825	453870	55143	54805
Standard 10b	2	484306	473190	58305	57196

Vedleggstabell 7 Konsentrasjonar og målte intensitetar for standardar brukt i linearitetsforsøka for natrium.

	Konsentrasjon (ppm)	Intensitet (c/s)			
		Na 588,995 nm		Na 589,592 nm	
		Injeksjon 1	Injeksjon 2	Injeksjon 1	Injeksjon 2
Standard 1	50	585822	582706	282020	282842
Standard 2	100	1116644	1111983	549744	546450
Standard 3	150	1628264	1626770	813317	815207
Standard 4	200	2109797	2099586	1072624	1065869
Standard 5	250	2596614	2567208	1340184	1319538
Standard 6b	300	3071361	3039920	1611970	1589005
Standard 7b	350	3506807	3423185	1863528	1816288
Standard 8b	400	3875497	3830407	2096129	2062980
Standard 9b	450	4197873	4139546	2285064	2267344
Standard 10b	500	4810304	4687614	2646215	2567583

Vedleggstabell 8 Konsentrasjonar og målte intensitetar for standardar brukt i linearitetsforsøka for yttrium.

	Konsentrasjo n (ppm)	Intensitet (c/s)					
		Y 332,788 nm		Y 360,074 nm		Y 371,029 nm	
		Injeksjon 1	Injeksjon 2	Injeksjon 1	Injeksjon 2	Injeksjon 1	Injeksjon 2
Standard 1	1,4	32483	32862	73941	74710	36928	37326
Standard 2	2,8	63876	64093	145590	145619	72825	72707
Standard 3	4,2	95063	95406	215989	217038	108315	108247
Standard 4	5,6	126347	126193	288257	287570	144017	143662
Standard 5	7	159486	158881	364262	361699	181633	180703
Standard 6a	8,4	195114	196863	445720	448062	222397	223486
Standard 7a	9,8	223666	226201	506466	510801	255138	256638
Standard 8a	11,2	260875	261077	591268	589335	296635	296688
Standard 9a	12,6	289649	289616	657151	653607	330337	328751
Standard 10b	14	333416	327489	754454	737074	381207	375452

Vedleggstabel 9 Konsentrasjonar og målte intensitetar for standardar brukt i linearitetsforsøka for sink.

	Konsentrasjon (ppm)	Intensitet (c/s)			
		Zn 206,200 nm		Zn 213,857 nm	
		Injeksjon 1	Injeksjon 2	Injeksjon 1	Injeksjon 2
Standard 1	1,4	5501	5442	54837	54303
Standard 2	2,8	10445	10307	105889	104631
Standard 3	4,2	18097	15060	171786	154766
Standard 4	5,6	21822	19606	216748	204042
Standard 5	7	24123	24027	254041	250859
Standard 6a	8,4	31240	31058	315993	313744
Standard 7a	9,8	40209	35396	387769	360723
Standard 8a	11,2	40406	40313	414248	410970
Standard 9a	12,6	44992	44602	460918	455728
Standard 10b	14	49878	49354	509121	500282

Vedlegg 2 - Presisjon: Repeterbarheit

Vedleggtabell 10-Vedleggtabell 17 viser repeterbarheitsberekningar for analyse av fiskemjøl (ringtestprøve).

Vedleggtabell 10 Repeterbarheitsberekning for Ca 317,933 nm i fiskemjøl (ringtestprøve).

Prøve	Dato	Analytikar	Antal, n	Resultat 1 (ppm)	Resultat 2 (ppm)	Diff. (ppm)	Diff. ² (ppm)	Snitt (ppm)
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	1	43222	43251	-28	796	43236
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	2	40949	48129	-7180	51548954	44539
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	3	44946	44711	235	55451	44829
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	4	42874	43729	-855	731179	43302
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	5	44378	43864	514	264700	44121
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	6	41776	42132	-356	126786	41954
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	7	42935	43271	-336	112681	43103
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	8	45436	43468	1968	3871804	44452
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	9	43152	42875	277	76929	43014

Snitt (ppm)	43617
Sum Diff. ² (ppm)	56789279
n	9
$s_r = \text{ROT}(\text{Sum Diff.}^2/2n)$	1776
$r = 2,8*s_r$	4973
RSD _r	4,1 %

Vedleggtabell 11 Repeterbarheitsberekning for Cu 327,395 nm i fiskemjøl (ringtestprøve).

Prøve	Dato	Analytikar	Antal, n	Resultat 1 (ppm)	Resultat 2 (ppm)	Diff. (ppm)	Diff. ² (ppm)	Snitt (ppm)
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	1	3,0	2,8	0,15	0,02	2,9
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	2	2,9	2,8	0,08	0,01	2,9
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	3	2,9	3,1	-0,21	0,04	3,0
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	4	3,0	3,3	-0,24	0,06	3,2
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	5	3,4	3,8	-0,33	0,11	3,6
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	6	3,2	3,3	-0,10	0,01	3,2
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	7	3,7	3,5	0,16	0,03	3,6
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	8	3,3	3,9	-0,61	0,37	3,6
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	9	3,4	3,5	-0,10	0,01	3,5

Snitt (ppm)	3,3
Sum Diff. ² (ppm)	0,66
n	9
$s_r = \text{ROT}(\text{Sum Diff.}^2/2n)$	0,19
$r = 2,8*s_r$	0,54
RSD _r	5,8 %

Vedleggstabel 12 Repeterbarheitsberegning for Fe 259,940 nm i fiskemjøl (ringtestprøve).

Prøve	Dato	Analytikar	Antal, n	Resultat 1 (ppm)	Resultat 2 (ppm)	Diff. (ppm)	Diff. ² (ppm)	Snitt (ppm)
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	1	291	271	19	364	281
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	2	287	281	6	36	284
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	3	297	308	-11	127	303
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	4	302	280	23	523	291
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	5	291	288	3	11	289
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	6	348	430	-82	6762	389
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	7	287	341	-54	2950	314
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	8	291	365	-75	5562	328
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	9	305	323	-18	337	314

Snitt (ppm)	310
Sum Diff. ² (ppm)	16673
n	9
$s_r = \text{ROT}(\text{Sum Diff.}^2/2n)$	30
$r = 2,8 * s_r$	85
RSD _r	9,8 %

Vedleggstabel 13 Repeterbarheitsberegning for K 766,491 nm i fiskemjøl (ringtestprøve).

Prøve	Dato	Analytikar	Antal, n	Resultat 1 (ppm)	Resultat 2 (ppm)	Diff. (ppm)	Diff. ² (ppm)	Snitt (ppm)
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	1	13002	12712	291	84506	12857
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	2	12826	12562	264	69781	12694
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	3	12982	13313	-331	109621	13148
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	4	12929	12788	141	20014	12859
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	5	12724	12894	-169	28723	12809
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	6	12930	12844	86	7338	12887
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	7	13272	13272	0,33	0,11	13272
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	8	13242	13458	-215	46333	13350
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	9	13327	13428	-101	10189	13378

Snitt (ppm)	13028
Sum Diff. ² (ppm)	376504
n	9
$s_r = \text{ROT}(\text{Sum Diff.}^2/2n)$	145
$r = 2,8 * s_r$	405
RSD _r	1,1 %

Vedleggstabel 14 Repeterbarheitsberegning for Mg 279,553 nm i fiskemjøl (ringtestprøve).

Prøve	Dato	Analytikar	Antal, n	Resultat 1 (ppm)	Resultat 2 (ppm)	Diff. (ppm)	Diff. ² (ppm)	Snitt (ppm)
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	1	2843	2911	-68	4674	2877
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	2	2761	2810	-49	2411	2785
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	3	2861	2885	-24	573	2873
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	4	2971	2925	46	2094	2948
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	5	2882	2931	-49	2391	2906
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	6	2896	2874	22	467	2885
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	7	2860	2894	-34	1159	2877
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	8	2884	2890	-6	41	2887
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	9	2890	2856	34	1148	2873

Snitt (ppm)	2879
Sum Diff. ² (ppm)	14958
n	9
$s_r = \text{ROT}(\text{Sum Diff.}^2/2n)$	29
$r = 2,8 \cdot s_r$	81
RSD _r	1,0 %

Vedleggstabel 15 Repeterbarheitsberegning for Mn 257,610 nm i fiskemjøl (ringtestprøve).

Prøve	Dato	Analytikar	Antal, n	Resultat 1 (ppm)	Resultat 2 (ppm)	Diff. (ppm)	Diff. ² (ppm)	Snitt (ppm)
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	1	8,0	7,9	0,0	0,0	7,9
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	2	8,0	8,1	-0,1	0,0	8,1
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	3	7,7	8,0	-0,3	0,1	7,8
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	4	9,4	8,4	1,0	1,0	8,9
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	5	8,2	7,9	0,3	0,1	8,1
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	6	8,5	9,1	-0,5	0,3	8,8
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	7	7,6	8,6	-1,0	1,0	8,1
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	8	8,2	9,0	-0,7	0,5	8,6
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	9	7,6	8,4	-0,8	0,7	8,0

Snitt (ppm)	8,3
Sum Diff. ² (ppm)	3,7
n	9
$s_r = \text{ROT}(\text{Sum Diff.}^2/2n)$	0,5
$r = 2,8 \cdot s_r$	1,3
RSD _r	5,5 %

Vedleggstabel 16 Repeterbarheitsberegning for Na 589,592 nm i fiskemjøl (ringtestprøve).

Prøve	Dato	Analytikar	Antal, n	Resultat 1 (ppm)	Resultat 2 (ppm)	Diff. (ppm)	Diff. ² (ppm)	Snitt (ppm)
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	1	14572	14198	374	140048	14385
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	2	14343	14301	42	1761	14322
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	3	14731	14713	18	316	14722
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	4	14845	14796	49	2417	14821
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	5	14507	14776	-269	72420	14642
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	6	14639	14474	165	27129	14557
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	7	15096	14925	171	29289	15010
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	8	14948	15038	-90	8118	14993
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	9	14942	14826	117	13642	14884

Snitt (ppm)	14704
Sum Diff. ² (ppm)	295141
n	9
$s_r = \text{ROT}(\text{Sum Diff.}^2/2n)$	128
$r = 2,8*s_r$	359
RSD _r	0,9 %

Vedleggstabel 17 Repeterbarheitsberegning for Zn 213,857 nm i fiskemjøl (ringtestprøve).

Prøve	Dato	Analytikar	Antal, n	Resultat 1 (ppm)	Resultat 2 (ppm)	Diff. (ppm)	Diff. ² (ppm)	Snitt (ppm)
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	1	85	85	0,11	0,01	85
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	2	85	81	3,1	9,5	83
2020-8247-1	16.11.2021	INMO	3	86	85	0,21	0,04	85
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	4	85	82	2,9	8,6	84
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	5	82	82	-0,04	0,002	82
2020-8247-1	23.11.2021	INMO	6	85	83	2,2	5,0	84
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	7	80	81	-0,11	0,01	80
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	8	80	80	0,50	0,25	80
2020-8247-1	24.11.2021	INMO	9	81	80	1,7	2,9	81

Snitt (ppm)	83
Sum Diff. ² (ppm)	26
n	9
$s_r = \text{ROT}(\text{Sum Diff.}^2/2n)$	1,2
$r = 2,8*s_r$	3,4
RSD _r	1,5 %

Vedleggtabell 18-Vedleggtabell 25 viser repeterbarhetsberegningar for fiskefôr (ringtestprøve).

Vedleggtabell 18 Repeterbarhetsberegning for Ca 317,933 nm i fiskefôr (ringtestprøve).

Prøve	Dato	Analytiker	Antal, n	Resultat 1 (ppm)	Resultat 2 (ppm)	Diff. (ppm)	Diff. ² (ppm)	Snitt (ppm)
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	1	29826	34059	-4233	17919898	31942
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	2	30879	29638	1241	1538964	30258
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	3	29752	29611	141	19920	29682
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	4	29513	29528	-15	225	29520
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	5	29399	29205	195	37967	29302
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	6	29707	30171	-464	215751	29939
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	7	31145	31136	9,0	82	31141
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	8	31277	31094	183	33427	31186
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	9	31113	31223	-110	12087	31168

Snitt (ppm)	30460
Sum Diff. ² (ppm)	19778320
n	9
$s_r = \text{ROT}(\text{Sum Diff.}^2/2n)$	1048
$r = 2,8*s_r$	2935
RSD _r	3,4 %

Vedleggtabell 19 Repeterbarhetsberegning for Cu 327,395 nm i fiskefôr (ringtestprøve).

Prøve	Dato	Analytiker	Antal, n	Resultat 1 (ppm)	Resultat 2 (ppm)	Diff. (ppm)	Diff. ² (ppm)	Snitt (ppm)
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	1	9,4	11	-1,4	1,9	10
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	2	10	9,6	0,55	0,30	9,9
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	3	9,9	9,8	0,07	0,005	9,8
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	4	10	9,7	0,59	0,35	10
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	5	10	9,5	0,58	0,34	9,8
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	6	10	9,9	0,09	0,01	9,9
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	7	12	9,9	1,7	2,9	11
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	8	10	9,7	0,49	0,24	9,9
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	9	9,8	9,9	-0,07	0,005	9,8

Snitt (ppm)	10
Sum Diff. ² (ppm)	6,0
n	9
$s_r = \text{ROT}(\text{Sum Diff.}^2/2n)$	0,6
$r = 2,8*s_r$	1,6
RSD _r	5,8 %

Vedleggtabell 20 Repeterbarheitsberekning for Fe 259,940 nm i fiskefôr (ringtestprøve).

Prøve	Dato	Analytikar	Antal, n	Resultat 1 (ppm)	Resultat 2 (ppm)	Diff. (ppm)	Diff. ² (ppm)	Snitt (ppm)
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	1	721	852	-131	17085	787
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	2	741	721	20	388	731
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	3	715	702	13	159	709
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	4	742	735	6,2	39	739
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	5	711	730	-19	375	720
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	6	732	742	-10	104	737
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	7	744	762	-18,1	327	753
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	8	782	780	1,8	3,4	781
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	9	762	761	0,56	0,31	762

Snitt (ppm)	746
Sum Diff. ² (ppm)	18481
n	9
$s_r = \text{ROT}(\text{Sum Diff.}^2/2n)$	32
$r = 2,8*s_r$	90
RSD _r	4,3 %

Vedleggtabell 21 Repeterbarheitsberekning for K 766,491 nm i fiskefôr (ringtestprøve).

Prøve	Dato	Analytikar	Antal, n	Resultat 1 (ppm)	Resultat 2 (ppm)	Diff. (ppm)	Diff. ² (ppm)	Snitt (ppm)
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	1	8163	9228	-1065	1134395	8695
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	2	8448	8069	379	143580	8259
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	3	8103	8079	24	556	8091
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	4	8096	8111	-15	227	8104
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	5	8089	8014	74	5512	8051
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	6	8180	8283	-103	10556	8232
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	7	8699	8709	-10,3	105	8704
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	8	8723	8661	62	3842	8692
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	9	8663	8682	-19	372	8673

Snitt (ppm)	8389
Sum Diff. ² (ppm)	1299146
n	9
$s_r = \text{ROT}(\text{Sum Diff.}^2/2n)$	269
$r = 2,8*s_r$	752
RSD _r	3,2 %

Vedleggtabell 22 Repeterbarheitsberekning for Mg 279,553 nm i fiskefôr (ringtestprøve).

Prøve	Dato	Analytikar	Antal, n	Resultat 1 (ppm)	Resultat 2 (ppm)	Diff. (ppm)	Diff. ² (ppm)	Snitt (ppm)
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	1	2231	2549	-318	101073	2390
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	2	2318	2215	103	10646	2266
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	3	2236	2222	14	198	2229
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	4	2313	2311	1,7	2,9	2312
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	5	2296	2272	24	554	2284
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	6	2321	2355	-34	1132	2338
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	7	2371	2378	-6,6	43	2375
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	8	2379	2376	3,1	9,3	2377
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	9	2362	2366	-4,2	17	2364

Snitt (ppm)	2326
Sum Diff. ² (ppm)	113675
n	9
$s_r = \text{ROT}(\text{Sum Diff.}^2/2n)$	79
$r = 2,8*s_r$	223
RSD _r	3,4 %

Vedleggtabell 23 Repeterbarheitsberekning for Mn 257,610 nm i fiskefôr (ringtestprøve).

Prøve	Dato	Analytikar	Antal, n	Resultat 1 (ppm)	Resultat 2 (ppm)	Diff. (ppm)	Diff. ² (ppm)	Snitt (ppm)
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	1	85	96	-11	117	90
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	2	88	81	6,5	42	85
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	3	82	80	1,3	1,6	81
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	4	86	89	-3,0	8,7	88
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	5	85	87	-2,4	5,9	86
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	6	84	95	-11	116	90
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	7	87	81	6,7	44	84
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	8	89	83	5,6	31	86
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	9	88	85	3,0	9,1	86

Snitt (ppm)	86
Sum Diff. ² (ppm)	376
n	9
$s_r = \text{ROT}(\text{Sum Diff.}^2/2n)$	4,6
$r = 2,8*s_r$	13
RSD _r	5,3 %

Vedleggtabell 24 Repeterbarheitsberekning for Na 589,592 nm i fiskefôr (ringtestprøve).

Prøve	Dato	Analytikar	Antal, n	Resultat 1 (ppm)	Resultat 2 (ppm)	Diff. (ppm)	Diff. ² (ppm)	Snitt (ppm)
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	1	7711	8898	-1187	1409848	8305
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	2	8036	7660	376	141700	7848
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	3	7750	7670	81	6490	7710
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	4	7846	7855	-8,5	72	7850
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	5	7791	7675	116	13547	7733
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	6	7798	8022	-224	50230	7910
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	7	8186	8256	-70,7	5001	8221
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	8	8249	8225	24	558	8237
2020-8248-1	24.11.2021	INMO	9	8180	8248	-68	4672	8214

Snitt (ppm)	8003
Sum Diff. ² (ppm)	1632116
n	9
$s_r = \text{ROT}(\text{Sum Diff.}^2/2n)$	301
$r = 2,8 * s_r$	843
RSD _r	3,8 %

Vedleggtabell 25 Repeterbarheitsberekning for Zn 213,857 nm i fiskefôr (ringtestprøve).

Prøve	Dato	Analytikar	Antal, n	Resultat 1 (ppm)	Resultat 2 (ppm)	Diff. (ppm)	Diff. ² (ppm)	Snitt (ppm)
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	1	179	213	-34	1163	196
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	2	205	183	22	491	194
2020-8248-1	16.11.2021	INMO	3	195	197	-1,4	2,0	196
2020-8248-1	23.11.2021	INMO	4	188	188	0,41	0,17	188
